



Forskrift om vass- og avløpsgebyr Hareid kommune, Møre og Romsdal

Med kommentarar og rettleiingstekst

Versjon: 1.0
Sist oppdatert: 5. mai 2026

Innleiing

Dette dokumentet gir rettleiing og hjelp til tolking og bruk av vass- og avløpsforskrifta til kommunen. Kommentartutgåva av forskrifta er meint for både saksbehandlarar og innbyggjarar i kommunen, og dessutan andre som bruker VA-forskrifta. Arbeidsgruppa har prøvd å halda rettleiingsteksten så enkel og daglegdags som mogleg for å gjera rettleiinga lett tilgjengeleg for flest mogleg. Det kan gjera at rettleiingsteksten får ei litt anna tyding enn dei spesifikke, juridiske omgrepa som er brukte i forskriftsteksten. Viss rettleiingsteksten motseier eller ikkje samsvarer med forskriftsteksten er det forskriftsteksten som gjeld og blir sett på som riktig.

Rettleiingstekst er markert med ramme og farge, slik som dette avsnittet. Rettleiingstekst er for det meste plassert etter kvart ledd (avsnitt) i paragrafane, men nokre gonger er det òg skrive generell rettleiingstekst til ein heil paragraf eller eit kapittel rett under paragraf- eller kapitteloverskrifta.

Rettleiingsteksten viser til andre føresegn i forskrifta der det er relevant. Dei fleste av desse tilvisingane er intern-lenker i dokumentet, som kan klikkast på i digitale utgåver av dokumentet for å hoppa direkte til punktet det blir vist til.

Den første utgåva av rettleiinga er gitt ut i samband med at den nye gebyrforskrifta til kommunen for vass- og avløp trådte i kraft 1. januar 2027. I denne utgåva har vi prøvd å svara på vanlege spørsmål og saker kommunen har fått til behandling dei siste åra, samtidig som vi har prøvd å føresjå kva nye spørsmål som kan dukka opp som følgje av endringar i den nye forskrifta. Planen er å halda denne rettleiinga oppdatert og tilgjengeleg på nettsidene til kommunen, etter kvart som vi får nye spørsmål og forvaltningspraksisen på vass- og avløpsområdet utviklar seg. Viss du har innspel til rettleiinga set vi stor pris på om du sender dei til oss via e-Dialog, sjå <https://www.hareid.kommune.no/tenester/organisasjon-og-tilsette/kontakt-oss/>

Innholdsliste

Kapittel 1. Generelle føresegner.....	1
§ 1-1 Føremålet med forskrifta.....	1
§ 1-2 Verkeområde.....	1
§ 1-3 Definisjonar.....	1
§ 1-4 Generell gebyrplikt.....	4
§ 1-5 Gebyrtypar.....	4
§ 1-6 Gebyrsatsar.....	5
§ 1-7 Metode for arealutrekning.....	5
Kapittel 2. Tilknytingsgebyr.....	5
§ 2-1 Gebyrplikt.....	5
§ 2-2 Utforming av gebyra.....	6
§ 2-3 Ansvar og betaling.....	7
Kapittel 3. Årsgebyr.....	8
§ 3-1 Gebyrplikt.....	8
§ 3-2 Gebyret sin oppbygning.....	8
§ 3-3 Abonnementsgebyr.....	8
§ 3-4 Forbruksgebyr.....	9
§ 3-5 Betaling etter målt forbruk.....	10
§ 3-6 Betaling etter stipulert forbruk.....	11
§ 3-7 Reduksjon av eller tillegg til årsgebyr.....	11
§ 3-8 Gebyrreduksjon i medhald av forbrukerkjøpsloven sine reglar om prisavslag.....	13
§ 3-9 Pålegg om utbetring.....	14
§ 3-10 Ansvar for opplysingar om abonnement.....	14
§ 3-11 Ansvar for gebyra.....	14
§ 3-12 Retting av feil i gebyrberekning.....	15
Kapittel 4. Innbetaling av årsgebyr.....	15
§ 4-1 Innbetaling.....	15
§ 4-2 Manglande innbetaling.....	16
Kapittel 5. Føresegner for installasjon og bruk av vassmålar.....	16
§ 5-1 Målartypar.....	16
§ 5-2 Installasjon.....	16
§ 5-3 Eigarforhold og kostnadar.....	17
§ 5-4 Avlesing av vassmålar.....	18
§ 5-5 Tilsyn og vedlikehald.....	18
§ 5-6 Avrekning ved feilmåling.....	19
§ 5-7 Nøyaktigheitskontroll.....	19
§ 5-8 Utskifting og flytting.....	19
Kapittel 6. Avsluttande føresegner.....	20
§ 6-1 Klage og omgjerding.....	20
§ 6-2 Ikraftsetjing.....	20

Kapittel 1. Generelle føresegner

§ 1-1 Føremålet med forskrifta

Forskrifta fastset utrekningsmåte og gebyrplikt for kommunen sine vass- og avløpstenester.

§ 1-2 Verkeområde

Forskrifta gjeld for alle som er definert som abonnentar jf. § 1-3 bokstav b, og gjer bestemmingar om utrekning og innbetaling av gebyr som abonnentane skal betale for kommunens vass og/eller avløpstenestar.

Føremålet med, og verkeområde til, forskrifta seier noko om kva forskrifta handlar om, og dermed kva den inneheld reglar om. Denne føresegna må bli lest saman med definisjonane i § 1-3 og reglane om kven som skal betala gebyr i § 1-4 for å kunne sei nøyaktig kven som blir omfatta av reglane i forskrifta.

§ 1-3 Definisjonar

Denne paragrafen inneheld ei liste over definisjonar som blir nytta i forskrifta og i forvaltningsarbeidet med vass- og avløpstenestene. Nokre ord og uttrykk er definerte her sjølv om dei ikkje blir nytta vidare i forskrifta, fordi då har ein felles definisjonar av omgrepa som kan nyttast når kommunen til dømes skal skrive vedtaksbrev til abonnentane.

Definisjonane av eigedom (bokstav a), abonnent (bokstav b), buening (bokstav i), bustad- og næringseigedom (bokstav j og l) er spesielt viktige og blir nytta mykje i resten av forskrifta.

I denne forskrifta meinast med:

- a. Eigedom: Fast eigedom registrert med eige gards- og bruksnummer, eige festenummer eller eige seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i høve til lovgivinga om eigarseksjonar vert rekna som sjølvstendig eigedom.

Kvar unike kombinasjon av gards-, bruks-, feste- og/eller seksjonsnummer utgjer ein eigedom. Gards-, bruks-, feste- og seksjonsnummer for ein eigedom er registrert i «Matrikkelen», eigedomsregisteret i Noreg. Alle eigedom mar har gards- og bruksnummer, men berre eigedommar som er festa og/eller seksjonert har feste- og/eller seksjonsnummer. For eigedommar som ikkje er festa eller seksjonerte er feste- og seksjonsnummeret lik null (0).

I forskrifta blir det presisert at seksjonerte einingar utgjer ein eigen eigedom. Konsekvensen av det er at eit b urettslag berre blir rekna som ein eigedom, uavhengig av kor mange leilegheiter burettslaget består av, medan sameige med seksjonerte bueningar blir rekna som mange eigedommar. På seeiendom.no kan kven som helst søke i eigedomsregisteret og kontrollere opplysningane om sin eigen eigedom. Matrikkelførte opplysningar om ein gitt eigedom kan òg fåast ved førespurnad til kommunen.

Definisjonen av eigedom er viktig, fordi vass- og avløpsanleggslova § 4 mellom anna seier at det er fast eigedom som er knytt til kommunalt leidningsnett som utløyser plikt til å betale gebyr.

- b. Abonnent: Eigar eller festar av eigedom som er tilknytt kommunen sitt vass- og/eller avløpsanlegg, eller som er godkjend eller kravd tilknytt. Festar av eigedom skal stå som abonnent når gjenstående festetid då gebyrplikta oppstod var 30 år eller meir, eller festar har rett til å få festeavtalen forlenga slik at samla festetid frå gebyrplikta oppstod vil kunne bli 30 år eller meir. I burettslag er burettslaget abonnent. I eigarseksjonssameige er kvar eigarseksjon ein abonnent. Det er etter avtale med kommunen høve til fellesfakturering av eigedomar med fleire bu- eller brukseiningar, til dømes seksjonerte leilegheiter.

Kvar eigedom har ein «abonnent» som har eit kundeforhold med kommunen og er den som får gebyrfakturaen. Definisjonen her følgjer reglane i vass- og avløpsanleggslova § 4 og hovudregelen er at eigar av eigdommen er abonnenten. Viss eigdommen er festa bort for lengre tid er festar abonnent i staden for eigar.

Definisjonen heng saman med kva som er «ein eigedom». Dermed vil burettslagsselskapet vera abonnenten for eit burettslag, sidan kvar buening *ikkje* er ein eigen eigedom. I seksjonerte bustadsameige er kvar buening sin eigen eigedom, så der er eigaren av kvar buening abonnenten.

Dei fleste reglane i denne forskrifta regulerer rettane og pliktene til abonnenten eller forholdet mellom abonnenten og kommunen.

Det er etter avtale høve til fellesfakturering av fleire eigedomar. Hovudsakleg er dette meint å gjelde leilegheitsbygg, der det kan vere praktisk at sameiget får rekninga for alle eigedommane og fordeler gebyret på abonnentane over felleskostnadene i staden for at kvar abonnent får eiga rekning.

- c. Abonnement: Avtale mellom abonnent og kommunen om vass- og avløpstenester gjennom tilknytning av sanitærinstallasjonar og private vass- og avløpsanlegg til kommunen sine vass- og avløpsanlegg. Det er ikkje ein føresetnad at avtalen er skriftleg. Avtale om tilknytning via privat fellesledning vert rekna som abonnement.

Abonnementetsforholdet mellom kommunen og kvar abonnent blir òg regulert av ein del privatrettslege reglar, i tillegg til lovene og forskriftene som styrer korleis kommunen skal levera vass- og avløpstenester. «Privatrettsleg regulering» betyr i korte trekk at sidan kommunen eig vass- og avløpsanlegga kan kommunen bestemme korleis tenesta skal drivast og stille krav til dei som er kopla til leiðningsnett, som om kommunen var ein vanleg bedrift og ikkje ein offentleg etat.

Kommunen gjer det gjennom reglane i denne forskrifta og «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp» som er utarbeidd av Kommunanes Sentralforbund og vedtatt av kommunestyret. Standard abonnementsvilkår inneheld tekniske og administrative føresegnar og gjeld for kvar abonnent. Abonnementetsvilkåra finst mellom anna på [va-jus.no](https://va-jus.no/standard-abonnementetsvilkar/): <https://va-jus.no/standard-abonnementetsvilkar/>

- d. Sanitærinstallasjonar: Abonnenteigde røyr, installasjonar og utstyr innanfor ytterveggen til huset, som er tilknytt vass- og/eller avløpsanlegg.

«Sanitærinstallasjonar» er alt av vass- og avløpsutstyr som finst inne i huset. Dette er ting som toalett, kjøkkenvask, dusj og røyra som gjer at dei verkar som tiltenkt.

- e. Privat vass- og avløpsanlegg: Abonnenteigde private leiðningar (stikkleiðningar) og utstyr utanfor ytterveggen til huset, som er tilknytt offentleg vass- og/eller avløpsanlegg.

«Privat vass- og avløpsanlegg» er leiðningane og anna utstyr som koplar huset til hovudleiðningen til kommunen. Abonnenten eig leiðningen frå tilkoplingspunktet på hovudleiðningen, som beskrive i standard abonnementsvilkår administrative føresegnar punkt 1.3. Det er abonnenten som har ansvaret for at den private stikkleiðningen er i forsvarleg stand, sånn at ikkje unødvendig mykje vatn lek ut eller det blir for stor fare for innlekk av bakteriar og anna som kan forårsaka fare for liv og helse.

Sjå òg § 3-9 på side 14 for meir om plikta abonnenten har til å halde vass- og avløpsanlegga sine ved like.

- f. Avløpsvatn: Både sanitært og industrielt spillvatn og overvatn.

Dette følgjer definisjonen i forurensingsloven § 21 andre ledd. «Spillvatn» er vatn som blir sloppe ut etter å ha vore brukt til noko, til dømes til å dusje, i eit toalett eller som del av ein produksjonsprosess. «Overvatn» er regn- og smeltevatn som ikkje trekker ned i bakken fordi det er bygd noko som hindrar det, til dømes regnvatn som blir liggande oppå ein asfaltert parkeringsplass eller vatn som treffer eit hustak og renn ned i ei takrenne.

Definisjonen gjer at også kostnader til handtering av overvatn kan inkluderas i avløpsgebyret når overvatnet blir sloppe på det kommunale leiðningsnett.

- g. Bygg/bygning: Konstruksjon/byggverk med eige bygningsnummer i matrikkelen.

Definisjonen seier noko om kva som skal reknast som ein «bygning» der det er relevant for å tolke føresegnene i forskrifta eller gi enkeltvedtak overfor ein abonnent.

I tillegg til at alle bygningar høyrer til ein eigedom (sjå definisjon i bokstav a), har dei aller fleste bygningane eit unikt bygningsnummer i matrikkelen. Tildeling av bygningsnummer heng saman med kva som er søknads- eller meldepliktige byggetiltak etter plan- og bygningsloven, så nokre små konstruksjonar som dokkestuer, mindre uthus og liknande vil typisk mangle bygningsnummer.

- h. Brukseining: Bygning eller del av bygning (lokale), til dømes bustad, kontor, verkstad og lager.

«Brukseining» er den overordna kategorien for alle delar av ein bygning med eit eller anna tiltenkt bruksområde. «Bueining» er ein type brukseining, men «brukseining» omfattar òg bygningsdelar som ikkje er bueiningar, som eit kontor, ein verkstad eller eit butikklokale. Ein bygning med butikklokale i første etasje og leilegheit i andre etasje har to brukseiningar.

- i. Bueining: Brukseining som er definert som bustad eller bueining i matrikkelen. Som bueining reknast kvar og ei brukseining som har minst eitt rom og eigen inngang, og der ein har tilgjenge til vatn og toalett utan å gå gjennom anna brukseining. Det er ikkje eit krav at bueiningane er godkjente som separate bueiningar og/eller fysisk skilt frå andre bueiningar. Brukseining som er definert som bustad i matrikkelen blir alltid rekna som bueining.
1. Utleigerom i ein privat bustad: Hybel eller utleigerom reknast ikkje som sjølvstendig bustad, sidan ein må gå gjennom andre sin bustad for å komme til eige rom.
 2. Hyblar i hybelbygg: Kvar hybel blir rekna som sjølvstendig bustad, sjølv om bebuarane deler viktige funksjonar som kjøkken og/eller bad. Kjøkken, bad og gang som blir delt av fleire bebuarar reknast som fellesareal og ikkje sin eigen del av andre sin bustad.

«Bueining» er ein spesiell type brukseining, som er meint å brukast til bustad over tid. Definisjonen i forskrifta følgjer definisjonen i [bygggesaksforskrifta](#) og [føringsinstruks for matrikkelen](#). Hensikta er at definisjonen til kommunen av bueining skal vere lik som elles i lovverket. Andre og tredje setning i definisjonen viser likevel at det ikkje er eit krav etter vass- og avløpsforskrifta til kommunen at ei bueining er registrert som eiga bueining. Det er heller ikkje noko krav om at ho kan registrerast som eiga bueining – så lenge kravet om at brukseininga har minst eitt rom, eigen inngang, vassforsyning og toalett er oppfylte vil det reknast som ei eiga bueining etter denne forskrifta. Fjerde setning i definisjonen slår fast at dersom brukseininga er registrert som bueining i matrikkelen, vil det alltid behandlast som bueining etter vass- og avløpsforskrifta til kommunen. Sjølv om eigedommen ikkje fyllar krava som elles er sett i denne forskrifta.

Underpunkt 1 viser at eit einskildrom som vert leigd i bustaden til nokon andre ikkje blir rekna som eiga bueining, medan underpunkt 2 viser at bueiningar som delar viktige fellesfunksjonar, til dømes i eit hybelbygg, framleis blir rekna som separate bueiningar.

Ei leilegheit i ei bustadblokk vil altså reknast som ei bueining enten ho er seksjonert eller ei. Dette betyr at tal bueiningar i ei bustadblokk er uavhengig av om blokka er organisert som burettslag eller eigarseksjonssameie. Leilegheitene blir framleis rekna som eigne bueiningar sjølv om dei til dømes har felles toalett i gangen og/eller felles kjøkken.

Ei bygning med butikklokale i første etasje og leilegheit i andre etasje har to brukseiningar, men berre éi bueining.

- j. Bustadeigedom: Eigedom med bygg som vert brukt til bustadføremål, medrekna fritidsbustad. Bygningstype 111–163 etter NS-3457.
 - 1. Fritidseigedom: Eigedom der alle bustadbygg er registrert som fritidsbustad i matrikkelen.
 - 2. Fritidsbustad: Registrert i matrikkelen med bygningstype 161–163 etter NS-3457.

NS-3457 er ein standard for klassifisering av bygningar etter kva dei vert brukte til. Bygningstypar som byrjar med 1 er forskjellige typar bustader, medan alle bygningstypar som byrjar på 2 eller eit høgare tal, er bygningar som ikkje blir rekna som bustad, t.d. skule, rådhus, bensinstasjon mv.

Viss eigedommen blir nytta til noko anna enn bustad blir han rekna som eit næringsbygg (sjå definisjon i bokstav l). Viss bygningen blir nytta til både bustad og til andre ting blir han rekna som «kombinasjonseigedom» (sjå definisjon i bokstav k). Underpunkt 1 og 2 har tilleggsdefinisjonar for fritidsbustad og eigedommar der alle bygningane er fritidsbustader.

Viss ein bygning skal brukast til noko anna enn han er registrert som, må ein vanlegvis søke kommunen om lov til bruksendring.

- k. Kombinasjonseigedom: Eigedom med ei eller fleire bueiningar, i tillegg til ei eller fleire brukseiningar som ikkje er bustad. Eigedom med ei eller fleire bueiningar i tillegg til ei eller fleire bygningar for fiskeri eller landbruk vert klassifisert som kombinasjonseigedom. Om eigedommen er seksjonert etter lov om eigarseksjonar blir kvar bustad- og næringsseksjon rekna som eigne bustad- og næringsseigedomar.

Alle eigedommar med minst éi bueining og minst ei brukseining som ikkje er bueining er «kombinasjonseigedommar». Sjå òg definisjon på bueining i bokstav i og brukseining i bokstav h.

Definisjonen verkar inn på mellom anna korleis den faste delen av årsgebyret blir rekna ut.

Ein bygning med butikklokale i første etasje og leilegheit i andre etasje er ein kombinasjonseigedom. Definisjonen gjer òg at dei fleste gardsbruk er kombinasjonseigedommar, sidan dei har både bustad- og driftsbygningar (fjøs, låvar og liknande). Sånn er det òg sjølv om driftsbygningane ikkje er i bruk – det er bygningens tiltenkte og/eller registrerte føremål som er avgjerande.

Bygningar som har seksjonerte einingar er eigne eigedommar og vil derfor ikkje vere ein kombinasjonseigedom.

- l. Næringsseigedom: Eigedom som ikkje er bustad, fritidsbustad eller kombinasjonsbygg. Bygg for offentlege føremål vert klassifisert som næringsbygg.

Eigedommar som ikkje inneheld nokon bueiningar er næringsseigedommar. Sjå òg definisjon av bueining i bokstav i.

- m. Bruksareal (BRA): Bruksareal for eigedom som er registrert i matrikkelen og rekna med utgangspunkt i NS-3940.

Definisjonen gjer at kommunen har éin stad å finne opplysningar om eigedommen (matrikkelen), samtidig som grunnlaget for gebyra blir godt dokumenterte og reglane er like for alle abonnentar. Arealet i matrikkelen skal vere rekna med utgangspunkt i NS-3940 «Areal- og volumutrekningar av bygningar», og regelen følgjer òg reglane i byggtknisk forskrift § 5-4.

Viss ein abonnent meiner at grunnlaget i matrikkelen er feil, bør dokumentasjon på riktig grunnlag sendast til kommunen slik at dette blir retta.

Bruksareal verkar inn på mellom anna årsgebyret for abonnentar med stipulert forbruk. Sjå òg § 1-5 på side 4, § 3-4 på side 9 og § 3-6 på side 11.

- n. Symjebasseng: Inn- og utvendige boblebad, badestampar ol. med mindre fyllevolum enn 4 kubikkmeter vatn blir ikkje rekna som symjebasseng.

Definisjonen gjer ei grense for kva storleik det må vere på eit symjebasseng for at det skal stilles krav til vassmålar, sjå § 3-5 bokstav d, på side 10.

§ 1-4 Generell gebyrplikt

Plikta til å betale vass- og/eller avløpsgebyr gjeld abonnentar med:

- Fast eigedom som er eller frivillig blir tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning, direkte eller gjennom privat samleleidning.
- Eigedom som kommunen i medhald av plan- og bygningsloven § 27-1 eller § 27-2 har kravd tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning.

Den generelle gebyrplikta gjeld også eigar av eigarseksjonar eller festa eigedom, som definert i § 1-3. Første ledd bokstav b gjeld ikkje driftsbygningar i landbruket jamfør plan- og bygningsloven § 30-1.

Denne regelen seier kven som skal betale gebyr. Det gjeld for det første alle eigedommar som er tilknytt kommunalt leidningsnett, òg viss tilknyttinga skjer ved at fleire delar på stikkleidningen. Det kan til dømes skje viss eitt hus har tilknytting direkte til hovudleidningen til kommunen, medan nabohuset får vatn via denne stikkleidningen.

Ein betaler berre gebyr for det som eigedommen er kopla til. Til dømes vil ein eigedom med tilkopling til kommunalt vatn og eiga privat avløpsløyving (t.d. septiktank), berre betale vassgebyr etter denne forskrifta. Abonnenten til eigedommen må òg betale gebyr for tømning av septiktanken, men det blir regulert av ei anna kommunal forskrift.

Den andre gruppa abonnentar som må betale gebyr er dei som eig eller festar eigedom kommunen har kravd tilknytt i tråd med reglane i plan- og bygningsloven. Her vil det gjelda eit enkeltvedtak som pålegg tilknytting, og kommunen vil sende krav om å betale gebyr frå tidspunkta som er beskrivne i § 3-1 på side 8. Enkeltvedtak om tilknytting kan klagast på til kommunen, sjå § 6-1 på side 20.

Det er abonnenten som er ansvarleg for å betale gebyret til kommunen, sjå definisjon av «abbonent» i § 1-3 bokstav b på side 1.

§ 1-5 Gebyrtypar

Gebyrtypane er:

- Eingongsgebyr for tilknytting til vatn og avløp.
- Årsgebyr for vatn og avløp (summen av fast og variabel del).

Vatn og avløp er to separate gebyrområde, fordi det kan hende ein abonnent berre har tilknytting til éi av tenestene og då skal dei ikkje betala for den andre tenesta. I denne forskrifta blir tenestene for det meste omtala samla likevel, fordi reglane stort sett er like for begge tenestene.

At tenestene er delte inneber mellom anna at ein eigedom som blir kopla til både vatn og avløp må betale eingongsgebyr for tilknytting til kvar av tenestene. På same måte er det òg to forskjellige gebyrtypar for begge tenestene. Det betyr at ein eigedom som har privat vassforsyning og er eller skal koplast til avløpsnettet til kommunen, berre svarer for eingongs- og/eller årsgebyr for avløp. Det er § 1-4 i forskrifta som avgjer om ein eigedom skal betale gebyr for vatn, avløp eller begge deler.

I tillegg kan kommunen krevje betaling etter standardiserte satsar for kommunen sine kostnader, som ved avlesing av vassmålar, avstenging og påsetting av vassforsyning og liknande arbeidsoppgåve.

Det er eit grunnleggjande utgangspunkt for sjølvkostnader at kvar abonnent skal betale for den tenesta ho får, verken meir eller mindre. Reglane for utrekning tillèt stor grad av utjamning mellom abonnentar av praktiske omsyn, men det er likevel eit mål som dannar utgangspunkt for prinsippa om fordeling av kostnader. Dette er éin av dei, og seier at viss ein abonnent påfører kommunen ekstra kostnader utover det ein vanleg abonnent gjer, kan kommunen i nokre tilfelle krevja kostnadene dekt av abonnenten gjennom standardiserte satsar for det arbeidet kommunen må utføra. Det kan vera arbeid som å lese av vassmålaren, når abonnenten ikkje har gjort det sjølv i tråd med reglane i § 5-4 på side 17, eller stenge vassforsyninga til eigedommen når abonnenten har søkt om fritak frå gebyr etter reglane i § 3-7 på side 11. Hensikta med regelen er at gebyra skal vera rettferdige.

Kommunen kan berre krevja betaling for desse tenestene viss kommunen faktisk har utført dei. Kommunen kan ikkje ilegga «straffegebyr» viss abonnenten lét vera å melda inn vassmålaravlesing innan den fastsette fristen, men kommunen kan dra til eigedommen og lesa av målarer sjølv og deretter krevja at abonnenten betaler for ekstraarbeidet.

Kommunestyret vedtek satsane for desse ekstratenestene årleg, saman med resten av gebyrregulativet.

§ 1-6 Gebyrsatsar

Kommunestyret vedtek gebyrsatsane og avgjer når dei skal tre i kraft.

Gebyra skal fullt ut dekkje kommunen sine kostnader ved levering av tenestene regulert av denne forskrifta.

Gebyrsatsane kjem fram av gebyrregulativet, og er tilgjengelege på kommunen sine heimesider.

Gebyrsatsane gjeld normalt for eitt kalenderår om gangen og blir vedtatt for det kommande året saman med budsjettvedtaket i kommunestyret om hausten. Det gjeldande gebyrregulativet finst her:

<https://www.hareid.kommune.no/tenester/organisasjon-og-tilsette/betalingssatsar-og-gebyr/>

Både vatn og avløp er sjølvkosttenester, som betyr at kommunen ikkje har lov til å tene pengar på tenestene. Gebyra for kvar teneste skal berre dekkja kostnadene for kommunen ved tenesta, rekna i tråd med reglane i kommuneloven § 15-1 og sjølvkostforskrifta. Kommunen kan ha overskot eit enkelt år, men då må overskotet setjast av på eit sjølvkostfond for tenesta, slik at abonnentane over tid ikkje betaler meir enn kva tenesta kostar å levera. Sjølvkostutrekningane er separate for vatn og avløp, så eit eventuelt overskot frå den eine tenesta kan ikkje dekke eit underskot i den andre. Kommunen publiserer ei oppstilling over sjølvkostresultatet på kvar teneste som ein del av årsrapporten kvart år. Dermed har abonnentane moglegheit til å kontrollere at kommunen overheld reglane for utrekning av sjølvkost.

§ 1-7 Metode for arealutrekning

Dersom utrekninga av gebyr vert gjort avhengig av storleiken på bustaden, skal det vere bruksarealet (BRA) rekna etter NS-3940 som dannar grunnlaget for gebyrfastsetjinga.

Dette gjeld berre for dei abonnentane som ikkje har installert vassmålar på eigedommen.

Føresegna følgjer reglane i byggesaksforskrifta og føringsinstruks for matrikkelen. Sjå òg definisjonen av BRA i § 1-3 bokstav m på side 3.

Dersom opplysningane om eigedommen i matrikkelen er mangelfulle, kan kommunen estimere arealet basert på gjennomsnittsoverslag basert på bygningstype. Abonnenten kan sjølv skaffe dokumentasjon på eigedom men sitt gebyrpliktige areal.

Som grunnlag for utrekning av gebyr tar kommunen utgangspunkt i opplysningane i matrikkelen. Opplysningar skal korrigerast dersom dei er feilaktige.

Når årsgebyret blir stipulert basert på areal vil kommunen basere utrekninga på opplysningane til eigedommen som er registrerte i matrikkelen. Samtidig veit vi at opplysningane i matrikkelen kan vere mangelfulle, og av praktiske omsyn kan kommunen derfor basere gebyret på tilsvarende bygningstypar i staden for. Dette er ein unntaksregel som gjeld der ein meiner at matrikelopplysningane for ein eigedom ikkje gir eit riktig bilde av den verkelege storleiken på eigedommen.

Matrikkelen er det offisielle eigedomsregisteret i Noreg og blir brukt til mange andre formål enn utrekning av vass- og avløpsgebyr. Derfor er det viktig at opplysningane er så riktige som mogleg og blir retta om det blir oppdaga feil. Abonnenten kan sjølv søke opp eigedommen sin på seeiendom.no og melde frå til kommunen viss gebyret er rekna på feil grunnlag eller dei matrikelførte opplysningane om eigedommen bør rettast av andre grunnar.

Kapittel 2. Tilknytingsgebyr

§ 2-1 Gebyrplikt

Vass- og avløpsanleggslova § 4 pålegg kommunen å krevje tilknytingsgebyr av nye abonnentar. Denne paragrafen regulerer og gjer tydeleg kven (kva eigedommar) som skal betale tilknytingsgebyr, og når dei må betale det.

Gebyr for tilknytning til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg skal betalast for:

- a. Tilknytning av eigedom.

Når ein ny eigedom blir knytt til leidningsnett til kommunen for første gang skal det betalast tilknytingsgebyr. Det gjeld òg viss tilknytninga skjer gjennom privat samleledning, som beskrive i § 1-4 på side 4.

Det er hovudsakleg tre typar eigedommar som skal betale gebyr etter denne bokstaven:

- 1) Eigedommar som det blir bygd på for første gang, og der det nye bygget blir knytt til leidningsnett
- 2) Eksisterande bygningar som har hatt brønn og/eller septiktank eller liknande og som frivillig koplar seg til leidningsnett til kommunen
- 3) Eigedommar som har vore knytt til eit privat vass- og/eller avløpsanlegg og der anlegget som heilskap blir overtatt av kommunen.

Nummer tre i lista må betale tilknytingsgebyr fordi vass- og avløpsanleggslova krev at kommunen illegg tilknytingsgebyr når leidningsnettlet blir kommunalt og abonnenten skal byrja å betale årsgebyr til kommunen. Kommunen har ikkje lov til å fråfalle tilknytingsgebyret heilt, men kan setja ein eigen gebyrsats for kvar enkelt overtaking. Sjå òg § 2-2 på side 6.

b. Tilknytning av eigedom som kommunen krev tilknytt, jf. pbl. §§ 27-1 og 27-2 og pbl. § 30-6.

Dette punktetheng saman med § 1-4 bokstav b på side 4. Sidan kommunen er pålagt å krevje tilknytingsgebyr, må eigar eller festar òg betale tilknytingsgebyr når det er kommunen som krev tilknytning med heimel i plan- og bygningsloven §§ 27-1 og 27-2 og pbl. § 30-6.

c. Eigedom med tilknytning som ikkje er godkjent.

Alle tilkoplingar til kommunalt vass- og/eller avløpsnett skal godkjennast av kommunen og vere i tråd med VA-nomen, som er tilgjengeleg på <https://www.hareid.kommune.no/tenester/veg-vatn-og-avlop/vatn-og-avlop/va-norm/> Dette punktet presiserer at også eigedommar med tilknyttingar som ikkje er godkjente av kommunen skal betale tilknytingsgebyr.

Kommunen manglar ofte informasjon om desse tilknytningane, noko som gjer det vanskeleg å krevje inn både tilknytings- og årsgebyr. Når kommunen ikkje burde visst om at eigdommen er tilknytt leidningsnettlet er fristen for forelding av gebyrkravet inntil 13 år, etter reglane i foreldelsesloven § 10. Kommunen vil derfor som hovudregel sende krav på tilknytingsgebyr og årsgebyr for inntil dei siste 13 åra når tilknyttinga blir oppdaga.

Det er ansvaret til abonnenten at kommunen har tilstrekkelege og korrekte opplysningar om eigdommen og abonnementsforholdet, jmfør § 3-10 til § 3-12.

d. Tiltak som utvidar eigdommen sitt gebyrpliktige bruksareal etter § 1-7. Arealutvidinga må føre til ei ny eining og gebyret betalast for kvar ny eining som verte bygd på.

Nasjonale reglar opnar for at ein kan gje abonnentar tilknytingsgebyr ved auke i gebyrpliktig areal på eigdommen. Setning to sei at det blir bere gjort dersom utvidinga har ført til minst ei ny eining.

e. Tilknytning av sprinklaranlegg.

Ved eiga tilknytning for sprinklaranlegg skal det bli betalt tilknytingsgebyr. Om ein abonnent har eiga ordning for sprinklar på eigdommen, slik at alt vassforbruket blir levert i felles leidning frå kommunen, blir det rekna som ein del av det originale tilknytingsgebyret.

Tilknytingsgebyr for tilknytning til vatn og/eller avløp skal ikkje betalast for:

Andre ledd beskriv nokre tilfelle som det ikkje vert kravd tilknytingsgebyr for.

a. Seksjonering av allereie tilknytt eigedom utan at bruksarealet for eigdommen endrast.

Dette kan til dømes vere ein firemannsbustad som blir seksjonert etter tilknytning, sånn at kvar bueining blir rekna som ein eigen eigedom. Tilknytingsgebyret er eit eingongsgebyr, og ved seksjonering er tilknytingsgebyr allereie betalt for den opphavlege eigdommen.

Ein viktig skilnad her er om eigdommen har hatt auke i gebyrpliktig areal, for da sei bokstav d over at det skal bli betalt tilknytingsgebyr for det nye arealet.

b. Bygg som har mellombels tilknytning i opptil eitt år, til dømes brakkerigg. Dersom tilknyttinga varer i meir enn eitt år, skal det verte kravd tilknytingsgebyr.

Kommunen krev ikkje tilknytingsgebyr for mellombelse tilknyttingar. Viss tilknyttinga varer lenge nok til at ho må sjåast på som permanent, skal det krevjast tilknytingsgebyr likeins som for andre eigedommar. Av praktiske omsyn er den grensa sett til eitt år.

§ 2-2 Utforming av gebyra

Tilknytingsgebyret er eit eingongsgebyr og vert betalt etter fastsette kategoriar i gebyrregulativet.

Tilknytingsgebyr-satsane blir vedteken av kommunestyret og publisert i gebyrregulativet saman med satsane for abonnements- og forbruksgebyr.

Om kommunen overtek private vass- og/eller avløpsanlegg kan kommunen fastsetja særskild sats i det enkelte tilfelle.

Som beskrive i kommentar til § 2-1 første ledd bokstav a på side 5 må kommunen krevje tilknytingsgebyr frå abonnentar som er knytt til privat vass- og/eller avløpsanlegg når kommunen overtar anlegget. Kommunen kan ikkje fråfalle kravet heilt, men kan fastsetja eigne satsar i kvart enkelt tilfelle. Kommunestyret vil fatte eit vedtak i samband med kvar overtaking. Gebyret kan setjast både lågare enn den ordinære satsen, viss det opplevast urettferdig at abonnentane betaler gebyr for at anlegget blir overtatt av kommunen, og høgare enn den ordinære satsen. Ein høgare gebyrsats kan til dømes vera aktuell viss anlegget som blir overtatt er i svært dårleg teknisk stand og det vil vera urimeleg å pålegge alle dei eksisterande abonnentane til kommunen å betale for å oppgradere anlegget til ein akseptabel standard.

For bustad- og fritidseigedom skal eingongsgebyret for tilknytning utgjere eit fast beløp per buening.

Sjå definisjonar av bustadeigedom i § 1-3 bokstav j og buening i § 1-3 bokstav i.

For næringseigedom skal eingongsgebyret for tilknytning utgjere eit fast beløp per brukseining som er tilknytt.

Sjå definisjon av næringseigedom i § 1-3 bokstav l, kombinasjonseigedom i § 1-3 bokstav k og eigedom i § 1-3 bokstav a.

For kombinasjonseigedom skal det betalast gebyr for kvar del etter reglane over.

Ein kombinasjonseigedom består av einingar som både blir brukt til bustad- og næringsformål, og betalar gebyr etter begge reglane over. Sjå definisjon av kombinasjonseigedom i § 1-3 bokstav k.

Ved utviding av gebyrpliktig areal etter § 2-1 første ledd bokstav d, skal det berre reknast tilknytingsgebyr for arealutvidinga.

Denne bestemminga er meint å fjerne all tvil om at ein bere betalar tilknytingsgebyr for det nye arealet som blir auka på eigedommen, gitt at man har betalt tilknytingsgebyr for eigedommen tidlegare. Sjå § 2-1 bokstav d.

§ 2-3 Ansvar og betaling

Den som er abonnent på det tidspunktet gebyrplikta oppstår, er ansvarleg for betaling av gebyret.

Dette gjeld også der faktura for tilknytingsgebyr opphavleg er sendt til ein utbygger, tiltakshavar eller andre, dersom gebyret står ubetalt på tidspunktet for den fysiske tilknytninga til kommunens vass- og/eller avløpsleidning. Kommunen vil varsle abonnenten om ubetalt tilknytingsgebyr på eigedommen så snart abonnenten er kjent for kommunen. Abonnenten er ansvarleg for å betale fakturaen dersom utbygger eller annan tiltakshavar ikkje gjer opp med kommunen innan ein nærmare fastsett frist.

Sjå definisjon av abonnent i § 1-3 bokstav b på side 1. Gebyrplikta oppstår når eigedommen blir kopla til kommunal leidning, sjå § 2-1 på side 5. Dersom ein utbygger ikkje betalar tilknytingsgebyret innan tilknytning blir gjort, går kommunen vidare til eigar av eigedommen så snart eigar er kjent for kommunen. Det blir da opp til utbygger og eigar å gjere opp seg imellom om det skulle vere spørsmål knytt til kven som skal dekkje kostnaden.

Kommunen fakturerer gebyret samstundes som igangsettingsløyvet blir gitt, med den satsen som gjeld på faktureringstidspunktet. For eksisterande bygg med tilknytning som ikkje er godkjend, vert tilknytingsgebyr betalt etter gjeldande sats på det tidspunktet kravet vert framsett eller foreldingsfristen sitt utgangspunkt, jamfør foreldelsesloven § 3.

Kommunen sender faktura på tilknytingsgebyret samtidig som det blir gitt løyve til å setja i gang byggearbeida på eigedommen («igangsetjingsløyve»).

Viss kommunen oppdagar tilknytningar som ikkje tidlegare er melde inn og godkjent, blir gebyret fakturert med den satsen som gjeld på tidspunktet kommunen får vite om tilknytninga.

Tilknytingsgebyr skal vere betalt før tilknytning.

Faktura for tilknytingsgebyr må vere betalt før den fysiske tilknytninga skjer. Gebyret må uansett vere betalt før tilknytninga blir godkjent av kommunen, og godkjent tilknytning til vatn og avløp er ein føresetnad for å få ferdigattest.

Forfalle krav på tilknytingsgebyr er tvangsgrunnlag for utlegg, og kan krevjast inn av kommunekasseraren etter reglane for innkrevjing av skatt, jf. § 6 i lov om kommunale vass- og avløpsanlegg, 2. punktum.

Dette er ikkje noko ny informasjon i denne forskrift, dette er ei direkte tilvising til vass- og avløpsanleggslova som gjer kommunen heimel til å krevje inn gebyra på lik linje som innkrevjing av skatt.

Kapittel 3. Årsgebyr

Dette kapitlet regulerer årsgebyret, altså gebyret abonnentane betaler for løpande tilgang til og bruk av vass- og avløpsanlegg. Årsgebyret er bygd opp av ein fast del (abonnementsgebyret) og ein variabel del (forbruksgebyret). Kapitlet regulerer kven som skal betale årsgebyr, oppbygning av gebyret, inkludert korleis abonnements- og forbruksgebyret blir rekna, og dessutan forskjellige reglar for reduksjon av eller tillegg i gebyra.

§ 3-1 Gebyrplikt

Årsgebyr skal betalast for alle eigedomar som:

- a. Er eller frivillig blir tilknytt kommunalt vass- eller avløpsanlegg, eller
- b. Blir pålagt tilknytning til offentleg leidningsnett, frå det tidspunkt då fristen for å foreta slik tilknytning i pålegget har gått ut, jf. lov om kommunale vass- og avløpsanlegg § 4.

Plikta til å betale årsgebyr følgjer den generelle gebyrplikta som er fastsett i § 1-4 på side 4, og omfattar altså eigedommar som er tilknytt eller som kommunen har kravd tilknytt i medhald av plan- og bygningsloven § 27-1 eller § 27-2. Se også lov om [kommunale vass- og avløpsanlegg](#).

Årsgebyr vert rekna frå dato for mellombels bruksløyve eller ferdigattest.

Her blir det bestemt når abonnenten skal betale årsgebyr frå. Hovudregelen er at kommunen fakturerer årsgebyr frå same dato som abonnenten får mellombels bruksløyve for eigedommen. Det blir altså ikkje fakturert årsgebyr i byggeperioden. Viss eigedommen ikkje har mellombels bruksløyve, noko som mellom anna gjeld ein del eldre bygningar, blir gebyret fakturert frå det tidspunktet eigedommen faktisk er tatt i bruk.

For mellombelse tilknytingar skal det betalast årsgebyr frå dato tilkoplinga reint fysisk skjer til tilkoplinga blir stengd igjen.

Gebyrplikta er uavhengig av om det er utandørs tappepunkt/vasspost eller om det er innlagt vatn.

Abonnenten må betale årsgebyr så lenge det er vatn tilgjengeleg på eigedommen, uavhengig av om vatnet er tilgjengeleg inne i ein bygning eller om ein må gå ut til eit tappepunkt for å hente det.

§ 3-2 Gebyret sin oppbygning

Årsgebyra for vass- og avløpsstenester er samansett av to delar:

- a. Abonnementsgebyr (fast del).
- b. Forbruksgebyr (variabel del).

Inntektene frå abonnementsgebyret skal fortrinnsvis dekkje dei forventa kapitalkostnadane til vass- og avløpsstenesta. Kor stor del av årsgebyret som skal vere fast og variabel del, vert kvart år fastsett i gebyrregulativet.

Gjennom den lokale forskrifta kan kommunen velja om årsgebyret skal vere todelt eller berre bestå av eit forbruksledd – her blir det slått fast at gebyret skal vera todelt og bestå av eit fast abonnementsgebyr og eit variabelt forbruksledd.

Hensikta med det er at kommunen skal få faste inntekter over abonnementsgebyret til å dekke faste kapitalkostnader på tenesteområdet. På den måten blir svingingar i gebyrnivået redusert litt frå år til år, fordi kommunen er sikra inntekter til å dekke dei kostnadene som ikkje forsvinner viss forbruket går ned. Kapitalkostnadene vil variere noko frå år til år, og spesielt over fleire år sidan kommunen investerer i nye anlegg. Kor stor del av gebyret som skal vere fast må òg balanserast mot at abonnenten bør ha tilstrekkeleg oppmoding til å redusere vassforbruket. Dette inneber normalt at dei samla inntektene av forbruksgebyret minst bør utgjera halvparten av dei samla årsgebyrinntektene. Forholdet mellom dei to gebyrkomponentane vil variere frå år til år og er derfor ikkje fastsett i forskrifta. Forholdstalet blir fastsett i det årlege gebyrregulativet der dei vedtekne gebyrsatsane blir presenterte.

§ 3-3 Abonnementsgebyr

Føresegna regulerer korleis abonnementsgebyret blir rekna for kvar type eigedom. Det blir vist til gebyrregulativet for dei konkrete betalingssatsane, men reglene her set rammene for gebyrstrukturen kommunestyret skal bestemme satsane innanfor.

Bustad- og fritidseigedom skal betale abonnementsgebyr som ein fast sats per bueining. Alle bustad- og fritidseigedommar skal betala minst eitt abonnementsgebyr. Eigedom med hybel eller sokkelleilegheit betaler ikkje abonnementsgebyr for første bueining som er hybel eller sokkelleilegheit.

Sjå definisjon av bustadeigedom i § 1-3 bokstav j på side 3, og dessutan bueining i § 1-3 bokstav i.

Abonnementsgebyret er ein fast sats som gjeld for alle bustadeigedommar, og det skal betalast eitt abonnementsgebyr per bueining. Ein einbustad betaler eitt abonnementsgebyr, medan ein tomanns bustad betaler 2 gangar satsen for abonnementsgebyr. Eit leilegheitsbygg med 20 leilegheiter betaler 20 gangar satsen for abonnementsgebyr.

Bustader som har ein hybel eller sokkelleilegheit betaler berre eitt abonnementsgebyr, sjølv om hybelen eller sokkelleilegheita oppfyller kriteria til å vera eiga bueining og elles ville vore kravd for gebyr. Frå og med bueining nummer tre vert det betalt eitt abonnementsgebyr per «ekstra bueining». Med «hybel eller sokkelleilegheit» er det meint utleige av mindre enn hovuddelen av bustaden abonnenten sjølv bur i.

Nærings- og kombinasjonseigedom skal betale abonnementsgebyr etter fastsette kategoriar som speglar vassforsyningskapasiteten til den einskilde eigedom. Kategoriane kjem fram av gebyrregulativet.

Sjå definisjon av næringsseigedom i § 1-3 bokstav l og kombinasjonseigedom i § 1-3 bokstav k på side 3.

Desse eigedommane vert delte inn i kategoriar basert på vassforsyningskapasitet. På den måten betaler eigedommar som potensielt kan bruke mykje vatn eller sleppa på mykje avløpsvatn òg meir, og dekker på den måten kostnader dei påfører kommunen til å bygge og drifte større vassverk, reinseanlegg og leidningar med stor kapasitet.

Kategoriene blir fastsette basert på historisk maksimalforbruk, fordi dette er rekna som eit godt, presist og samtidig, tilgjengeleg mål på forsyningskapasiteten til eigedommen. Sjølv om abonnementsgebyret på denne måten blir fastsett basert på eit forbrukstal, betyr ikkje det at abonnementsgebyret blir avhengig av forbruket. Når eigedommen først er sett i ein kategori er det nemleg ikkje meininga at kategorien skal endrast, før det eventuelt kjem nye opplysningar om at kategorifastsettelsen er feil. Reduksjon i forbruket gir ikkje grunnlag for endring av kategori.

Gebyret for kvar kategori blir fastsett ved at det blir bestemt ein grunnsats og så betaler kvar eigedom grunnsatsen multiplisert med ein kategorifaktor. Til dømes vil eigedommar i næringskategori 5 betala 24 grunnsatsar.

Årleg abonnementsgebyr (kr/år)	Eining/tal
Kategori 1 (0-300 m³)	1
Kategori 2 (301-1.000 m³)	3
Kategori 3 (1.001-3.000 m³)	6
Kategori 4 (3.001-6.000 m³)	12
Kategori 5 (6.001-20.000 m³)	24
Kategori 6 (20.001-50.000 m³)	50
Kategori 7 (50.001-150.000 m³)	100

Grunnsatsen kan vere forskjellig frå abonnementsgebyret for bueningar og andre typar brukseiningar, i noverande forslag er det ikkje lagt opp til forskjell.

I bygning der kommunen har gitt løyve til at fleire eigedomar kan dele vassmålar skal abonnentane betale abonnementsgebyr som ein fast sats per brukseining.

Til dømes kan dette gjelde bygningar med butikklokale i første etasje og leilegheiter i etasjane over. Satsen per bu- og brukseining kan vere ulik for kvar av dei, og avvike frå satsane for andre typar eigedomar. Regelen heng saman med at kommunen unntaksvis kan gje høve til felles vassmålar, jamfør § 5-2 fjerde ledd. For desse bygningane kan det vere vanskeleg å fordele forbruket mellom bu- og næringsseiningane, og difor kan det vere naudsynt å fastsetje egne gebyrsatsar. Regelen slår òg fast at det skal betalast abonnementsgebyr per brukseining for desse bygningane, sjølv om kvar brukseining ikkje har eigen målar. Merk òg at kommunen kan krevje at det blir installert eigen vassmålar i kvar brukseining, jamfør § 5-2 første ledd.

Sjå definisjon av buening i § 1-3 bokstav i og brukseining i § 1-3 bokstav h på side 2.

For særleg kostnadskrevjande anlegg eller delar av anlegg kan kommunen fastsetja tillegg til den faste delen av årsgebyret.

Om det openbart er skillnader i kostnadsnivået til ulike anlegg, kan ein fastsetja tillegg til den faste delen av årsgebyret for å handtere dette. Ynskje om at ein abonnent skal betala for dei kostnadane som ein påfører står høgt, og dette er eit verkemiddel for å få til det. Dette er noko som kan brukas til dømes i eit hyttefelt på fjellet, kor ein har meir kostnader med infrastrukturen inn og ut av området.

§ 3-4 Forbruksgebyr

Føresegnene her fastset dei generelle rammene for forbruksgebyret. Sjå gebyrregulativet som er publisert på heimesida til kommunen for betalingsatsar kvart enkelt år.

Abonentane skal betale forbruksgebyr etter målt eller stipulert vassforbruk i m³. Både kommunen og abonnenten kan krevje at forbruksgebyret vert fastsett ut frå målt forbruk. Dersom forbruksgebyret allereie er fastsett ut frå målt forbruk kan dette ikkje reverserast slik at forbruket blir rekna ut etter stipulert vassforbruk utan førehandsgodkjenning frå kommunen.

Denne føresegna fastset regelen om at forbruksgebyret avheng av vassforbruk i kubikkmeter (m³). Viss abonnenten har vassmålar skal gebyret reknast ut etter det målte forbruket, elles skal forbruket stipulerast basert på eigedommens gebyrpliktige bruksareal, sjå § 1-7. Både kommunen og abonnenten kan krevje at det skal brukast vassmålar, og ein kan ikkje bytte tilbake til stipulert forbruk viss vassmålar først er installert. Føresegna følgjer reglane i forureiningsforskrifta § 16-4.

Sjå nærare reglar om betaling etter målt forbruk i § 3-5 på side 10 og om betaling etter stipulert forbruk i § 3-6 på side 11.

Sjå òg definisjon av abonnent i § 1-3 bokstav b på side 1.

Det vert ikkje gjeve nedsett forbruksgebyr for storforbrukarar av vatn.

Vassforbruk til sprinklaranlegg er ikkje gebyrpliktig.

Desse to setningane gir spesialregler for enkelte typar eigedommar. Dei følgjer i stor grad av andre føresegn i forskrifta eller overordna regelverk og er mest meint som ein presisering og for å gi tydeleg informasjon.

Den første seier at det ikkje blir gitt kvantumsrabatt på forbruksgebyret. Kvantumsrabatt er ulovleg, så det er ikkje noko kommunen kunne valt å gjera, men det er likevel formålstenleg å informere om det her. Forbruksgebyret har altså den same satsen for alle, med unntak av eventuelle egne avtalar som følgjer av reglane i § 3-7 sjuande ledd på side 11.

Kommunen kan velje å la vatn til sprinklaranlegg vere gratis, og har gjort det gjennom forskriftsteksten over. Det er gjort fordi sprinklaranlegg har veldig uføreseieleg vassforbruk (dei bruker ikkje vatn, før dei plutseleg brukar store mengder vatn). Dei er dermed vanskeleg å budsjettera med og kan medføre store svingingar i gebyra, samtidig som kommunen ikkje ønsker at vassgebyret skal vere ein hindring for å installere eller bruke sprinklaranlegg. Når brannvesenet bruker kommunalt vatn til å slukke brannar blir dei heller ikkje belasta vassgebyr for det, så regelen her likestiller på den måten sprinklaranlegg med andre sløkkeløysningar.

Som hovudregel gjeld at avløpsmengda vert rekna lik vassmengda ved utrekning av forbruksgebyr. Unntak frå dette er nemnt i § 3-7, sjette ledd.

Det er ikkje vanleg med egne avløpsmålarar i bustadhus, så det er ein vanleg føresetnad at alt vatn som blir målt inn i huset òg blir antatt å sleppast på avløpsnettlet igjen. Ved utrekning av forbruksgebyret for avløp blir forbruket derfor sett likt som for vatn. Ved stipulert forbruk er arealet som blir lagt til grunn ved utrekninga av både vass- og avløpsforbruk uansett det same, og føreseigna her gjer at kommunen må fastsetje den same omrekningsfaktoren frå areal til stipulert forbruk.

For næringseigedomar med veldig stor ulikskap mellom vasstilførsel og påslepp av avløp kan det fastsetjast egne utrekningsmåtar, som beskrive i § 3-7 sjette ledd. Det kan til dømes vere aktuelt for gardsbruk som vatnar jordene med kommunalt vatn, sidan det vatnet ikkje blir sloppe på det kommunale avløpsnettlet etterpå. Eit anna døme er produksjonsbedrifter som bruker kommunalt vatn i tilverkinga av produkta sine, sidan desse vil bruke mykje meir vatn enn dei slepp ut på avløpsnettlet igjen.

§ 3-5 Betaling etter målt forbruk

Føresegnene fastset spesifikke reglar for utrekning av forbruksgebyr basert på vassmålar.

Forbruksgebyr skal betalast for rapportert årsforbruk. Følgande eigedomar skal betale etter målt forbruk og ha vassmålar installert:

- a. Næringseigedom, medrekna bygg for offentlege føremål.
- b. Kombinasjonseigedom, medrekna eigedomar med ei eller fleire bueningar i tillegg til ei eller fleire bygningar for fiskeri eller landbruk.
- c. Anlegg med varig eller mellombels tilknytning i samband med oppføring av bygg eller anlegg.
- d. Eigedom med symjebasseng eller andre former for vassreservoar.

For desse eigedommane krev kommunen at det skal installerast vassmålar, med heimel i § 3-4 første ledd. Sjå definisjonar av næringseigedom i § 1-3 bokstav l på side 3 og kombinasjonseigedom i same paragraf bokstav k.

Bokstav c her kan til dømes vere anleggsbrakker og andre konstruksjonar som blir nytta mellombels medan den permanente bustaden på ein eigedom blir oppført.

Eigedommar med symjebasseng brukar mykje vatn, og kommunen krev difor at eigdommen skal installere vassmålar. Sjå § 1-3 bokstav n, på side 4.

Dersom det ikkje er mogleg å installere vassmålar kan kommunen fastsetje eit stipulert forbruk.

For mellombelse tilknytningar kan kravet om vassmålar fråvikast dersom vassmengda kan verte fastsett på andre måtar.

Desse to setningane er unntak frå kravet om vassmålar. Viss det er umogleg å installere vassmålar kan kommunen i staden stipulere forbruket, også for næringseigedommar som normalt skal ha vassmålar i tråd med regelen her og forureiningsforskrifta § 16-4. «Umogleg» skal tolkast strengt for å unngå at unntaket blir utholdt, men vil inkludere tilfelle der det er teknisk mogleg å installere vassmålar, men det vil vere så dyrt at det er urimeleg å pålegge abonnenten kostnaden ved installasjonen. Unntaket gjeld som hovudregel berre for bygning som eksisterte då kravet om å installere vassmålar ble sett fram. Kommunen antar at nye bygningar byggjast slik at vassmålar lett kan installerast seinare, viss kommunen vedtek å krevje vassmålar hos alle abonnentane.

Mellombelse tilknytningar kan sleppe å installere vassmålar utan omsyn til kvar vanskeleg det eventuelt måtte vere, så lenge vassmengda kan fastsetjast presist nok på andre måtar. I praksis inneber det at ein kan la vere å installere vassmålar viss stipulert forbruk basert på areal vil gi eit riktig bilde av vassforbruket.

§ 3-6 Betaling etter stipulert forbruk

Føresegna fastsetts spesifikke reglar for utrekning av forbruksgebyr utan vassmålar. Ho må lesast i samanheng med § 3-4 på side 9 og arealutrekningssreglane i § 1-7 på side 5.

Abonnentar som meiner det stipulerte forbruket for eigedommen deira blir feil etter desse reglane kan krevje at forbruksgebyret blir fastsett etter målt forbruk i staden for, sjå § 3-4 første ledd.

Eigedom som ikkje har vassmålar, skal betale forbruksgebyr etter stipulert forbruk.

Stipulert forbruk reknast ut frå eigedommen sitt bruksareal, jf. § 1-7. Eigedommen plasserast i intervall for stipulert forbruk, basert på storleiken av det gebyrpliktige arealet. Kategoriane kjem fram av gebyrregulativet.

For eigedommar som ikkje har vassmålar må grunnlaget for forbruksgebyret reknast ut på ein annan måte. Forureiningsforskrifta § 16-4 seier at forbruket då skal stipulerast (vert rekna eller vert estimert) ut frå arealet til busetnaden. Paragrafen her gjennomfører den regelen. Kommunen har stor fridom til å velje korleis «arealet til busetnaden» skal fastsetjast, og har gitt reglar om det i § 1-7 på side 5.

Arealet for kvar eigedom gjer at eigedommen blir plassert i ein kategori/intervall som gjer eit stipulert forbruk. Kategoriane kjem fram av gebyrregulativet. I skrivande stund er tabellen nedanfor dei gjeldande kategoriane.

Intervall nr.	Lav m2	Høy m2	m3	m3 fritid
1	0	149	85	43
2	150	299	160	80
3	300	1 000	300	80
4	1 001	10 000	1 000	80

Fritidsbustader vert nytta mindre enn heilårsbustader, og for å spegla dette har kommunen vedtatt at stipulert vassforbruk skal vere ein annan enn faktoren som gjeld for heilårsbustader og andre eigedommar.

Kommunen kan fastsetja stipulert forbruk for eigedom som berre har utandørs tappepunkt/vasspost. Forbruket kjem fram av gebyrregulativet.

Ved eigedommar som berre har eit utandørs tappepunkt eller vasspost vil truleg eit stipulert forbruk etter areal vere eit stykke unna faktisk forbruk, og kommunen kan difor sette eit eiga stipulert forbruk for dei eigedommane. Forbruket skal bli vedteke årleg av kommunestyret og kjem fram av gebyrregulativet.

§ 3-7 Reduksjon av eller tillegg til årsgebyr

Føresegna inneheld forskjellige reglar om når kommunen kan redusere årsgebyret for ein abonnent, og når han kan rekne gebyrt tillegg. Forvaltningsloven § 40 seier at kommunen ikkje kan fråvike si eige forskrift på annan måte enn det forskrifta sjølv opnar for. Paragrafen her, saman med § 3-8, er derfor ei uttømmende liste over når kommunen kan gi redusert gebyr eller tillegg i årsgebyret for enkeltabonnentar.

Restriksjonar på vassforbruket, avbrot i vassleveransen eller i mottak av avløpsvatn gjev ikkje grunnlag for reduksjon av gebyra.

Det er vanlegvis ikkje aktuelt å setje ned gebyret viss den vanlege drifta av vass- og/eller avløpsanlegget blir forstyrra. Det inkluderer mellom anna fullstendig avbrot i leveransen, men også mindre driftsproblem som gjer at kommunen sender ut kokevarsel. Det må vere sånn, fordi normal drift av eit vass- eller avløpsanlegg inneber at det blir stansa av og til, mellom anna for å gjennomføre nødvendig vedlikehald. Det er òg forventa at kortvarige avbrot kan skje som følgje av forhold kommunen ikkje rår over, til dømes plutslege leidningsbrot. Desse avbrota i drifta vil som hovudregel vera så kortvarige at ein eventuell gebyrreduksjon ville vore heilt ubetydeleg for abonnenten, samtidig som reduksjonsordninga ville vore veldig dyrt for kommunen å administrere.

Likevel finst § 3-8 nedanfor om gebyrreduksjon etter reglane i forbrukerkjøpsloven, som gir abonnenten rett på redusert gebyr i ein del avbrotsituasjonar jamvel om dei ikkje har rett på det etter § 3-7 første ledd.

Kommunen skal normalt varsle abonnentane i forkant av planlagde driftsavbrot.

Fråflytting eller fråvære gjev ikkje grunnlag for reduksjon av gebyra. Er bustad/bygg på eigedommen fjerna, eller øydelagd slik at den ikkje kan verte brukt, betalast årsgebyr inntil stikkleidning er fråkople (plugga) ved hovudleidninga. Dersom bustad er nedbrent, kan abonnenten søkje om fritak for forbruksgebyret og.

Føresegna regulerer når kommunen kan setje forbruksgebyret eller abonnementsgebyret til 0 kroner. I utgangspunktet er det ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra, og denne bestemminga sett reglane for unntaka.

Første punktum er mest aktuell for eigedom utan vassmål, fordi kommunen ikkje har lov til å vurdere bruken av eigdommen når det stipulerte forbruket blir rekna. For eigedommar med vassmål skjer dette automatisk, sidan ingen bruker vatn på eigdommen likevel. Ved mål vil forbruksgebyret bli lågare, men abonnementsgebyret vil fortsett vere som før. Sjå òg § 3-4 på side 9 og reglane for installasjon og bruk av vassmål i Kapittel 5.

Viss busetnaden på eigdommen er fjerna eller øydelagt slik at den ikkje kan verte brukt, må abonnenten fortsett betale abonnementsgebyr/fastledd i tråd med § 3-3 (side 8). Om abonnementsgebyret skal stoppe, må eigdommen fysisk bli kopla frå hovudleidningen til kommunen. I så tilfelle vil både forbruks- og abonnementsgebyr bli satt til 0 kroner.

Det eine unntaket for reduksjon som det blir opna for er ved nedbrent hus. Da kan abonnenten søkje fritak for forbruksgebyret. Svaret på søknaden er eit enkeltvedtak som abonnenten kan klaga på etter reglane i § 6-1 på side 20.

Ved søknad til kommunen kan abonnenten få fritak for årsgebyret når eigdommen fysisk vert fråkopla kommunalt leidningsnett ved tilkoblingspunkt. Abonnementet tek slutt når melding om plombering er motteke frå godkjent røyrleggjar.

Viss kommunen gir løyve til å kople eigdommen frå leidningsnettet faller samtidig plikta til å betale gebyr bort. Spesifikt skal abonnenten ikkje lenger svare gebyr når eigdommen fysisk er kopla frå leidningsnettet til kommunen, ved å plombere stikkledninga ved hovudleidningen.

Bustadhus kan som hovudregel ikkje koplast frå og framleis nyttast som bustadhus etterpå, jamfør mellom anna plan- og bygningsloven §§ 27-1 og 27-2.

Ny tilknytning av eigdommen utløyser ikkje ny betaling av eingongsgebyr for tilknytning. Både arbeidet med å kople frå og ny tilknytning vert utført for abonnenten sin kostnad og etter kommunen si tilvising. Om kommunen utfører stenging eller påsetjing av vassforsyninga vil kommunen krevja betaling etter standardisert sats til dekning av dei forventa kostnadene for kommunen. Sats kjem fram av gebyrregulativet.

Dette gjeld spesifikt eigedommar som kommunen har gitt løyve til å kople frå leidningsnettet: når desse blir knytt til nettet på nytt utløyser ikkje det eit nytt tilknytingsgebyr.

Kommunen bestemmer korleis frå- og tilkopling skal skje. Alle kostnader ved frå- og tilkopling skal dekkast av abonnenten. Kommunen kan godkjenne at privat røyrleggjar utfører arbeidet eller velje å utføre arbeidet sjølv. Viss kommunen gjer jobben skal abonnenten dekke kostnadane til kommunen etter standardiserte satsar for slikt arbeid. Kommunestyret vedtek satsane og publiserer dei i gebyrregulativet.

For eigedom som ikkje vert brukt som bustad, og der avløpsmengda er vesentleg større eller mindre enn vassforbruket, kan avløpsgebyret verte rekna ut frå målt avløpsmengd, eller verte fastsett etter særskild avtale med kommunen.

Sjå definisjon av nærings eigedom i § 1-3 bokstav l på side 3, eventuelt òg bustadeigedom i same paragraf bokstav j.

Denne føresegna følgjer elles reglane i forureiningsforskrifta § 16-5 fjerde ledd. Dette er til dømes aktuelt for gardsbruk som vatnar jordene med kommunalt vatn, sidan hovudregelen om vatn inn = vatn ut elles gir altfor høg avløpsmengde samanlikna med det reelle påsleppet. Korleis avløpsmengdene skal målast må abonnenten avtale med kommunen i kvart enkelt tilfelle. Vanlege løysingar er eigne avløpsmålarar eller at abonnenten har fleire vassmålalarar, der målarverdiane på nokon av dei blir trekte frå ved utrekninga av avløpsmengdene.

Abonnenten skal dekke kostnaden ved installasjon og årleg vassmålalarleige, også ved fleire målarar, i tråd med § 5-3 på side 17.

For eigedom der avløpsvatnet si samansetjing avvik frå vanleg hushaldsavløp og verkar fordyrande på drift og vedlikehald av kommunen sitt avløpsanlegg, kan kommunen fastsetje eit tillegg til avløpsgebyret til dekning av meirkostnadane. I slike tilfelle vert det inngått ein separat avtale mellom kommunen og abonnenten.

Føresegna følgjer forureiningsforskrifta § 16-5 fjerde ledd. Målet er at abonnentar med avløpsvatn som har uvanlege eigenskapar, og derfor er ekstra dyrt å reinsa, skal dekke ekstrakostnadene dei påfører kommunen. Regelen er til dømes relevant for meieri og liknande produksjonsbedrifter som slepp på veldig feitthaldig avløpsvatn på leidningsnettet slik at kommunen får ekstrakostnader til å halde røyra opne.

Kommunen kjem til å inngå ein eigen avtale med abonnenten om korleis tilleggsgebyret skal reknast ut. Avtalen skal normalt nytte Norsk Vatns rapport 149/2006 «Tilførsel av industrielt avløpsvatn til kommunalt nett» som utgangspunkt, på grunn av at han mellom anna inneheld eit forslag til utrekning metodikk og vanlege grenseverdier for kva som bør reknast å avvika frå «vanleg kommunalt avløpsvatn». Kommunen og abonnenten er likevel ikkje bundne av rapporten og kjem til å avtale den nøyaktige utrekning metodikken, inkludert grenseverdier og liknande, i kvart enkelt tilfelle.

Norsk Vatn 149/2006 er tilgjengeleg her: https://norskvann.no/wp-content/uploads/2025/09/Rapport149_2006.pdf

Ved lekkasje på det private vassanlegget kan abonnenten søkje kommunen om reduksjon i vassgebyret. Søknaden må innehalde dokumentasjon frå godkjend røyrleggjar som viser at det målte forbruket skuldast lekkasje. Abonnenten er sjølv ansvarleg for å skaffe denne dokumentasjonen. Dersom lekkasjevattet ikkje er tilført privat avløpsanlegg (stikkledning for spillvatn), kan abonnenten søkje om reduksjon i avløpsgebyret og.

Ved lekkasje kan abonnentar søke om reduksjon i gebyra, og det er opna for å søke uavhengig av årsak. Abonnenten må ha dokumentasjon frå røyrleggar, eller liknande, som visar at det målte forbruket skuldast lekkasje. Avhengig av om lekkasjevatnet har gått tilbake i avløpsrøra kan abonnenten søke om reduksjon i avløpsgebyret og.

§ 3-8 Gebyrreduksjon i medhald av forbrukerkjøpsloven sine reglar om prisavslag

Denne føresegna bør lesast i samanheng med § 3-7 første ledd på side 11. Hovudregelen der er at abonnenten ikkje kan krevje redusert gebyr ved avbrot i vass- eller avløpstenesta. Samtidig har ikkje kommunen lov til å ta frå abonnentane rettane dei har etter forbrukerkjøpsloven, så paragrafen her inneheld reglar for når eit avbrot i forsyninga blir sett på som ein mangel etter forbrukerkjøpsloven, og derfor likevel gir abonnentar som er forbrukarar rett på prisavslag.

Forbrukerkjøpsloven er tilgjengeleg hos Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2002-06-21-34>

Det er berre abonnentar som også er forbrukarar som direkte blir omfatta av reglane her. «Forbrukar» er definert i forbrukerkjøpsloven § 1 tredje ledd, der det står at «Med forbrukar blir meint ein fysisk person som ikkje hovudsakleg handlar som ledd i næringsverksemd.». Det følgjer eksplisitt av forbrukerkjøpsloven § 2 første ledd bokstav b at lova gjeld «levering av vatn». Forarbeida til forbrukerkjøpsloven (Ot.prp. nr. 44 (2001–2002), særleg pkt. 3.8.9) argumenterer for at ein også kan nytta reglane i kjøpsloven i spørsmål om vassforsyning, så abonnentar som er næringsdrivande kan òg gjera mangelkrav gjeldande overfor kommunen etter dei tilsvarende reglane i kjøpsloven.

Føresegna gjeld ikkje viss feilen berre gjeld avløpstenesta. Det har si årsak i fleire ting, hovudsakleg at bortleding og reinsing av avløpsvatn blir sett på som ei teneste (og ikkje kjøp av ei vare) og det fell dermed utanfor rekkjevidda til både forbrukerkjøpsloven og kjøpsloven. Vidare er det sjeldan avbrot i avløpstenesta som medfører at forbrukaren ikkje får den tenesta ho betaler for. Viss kommunen ikkje overheld reinsekrava før utslipp til resipienten kan kommunen få bøter, men abonnenten har framleis fått den tenesta gebyret skal dekke. Viss det er avbrot i vassforsyninga som gir rett til gebyrreduksjon etter denne paragrafen skal abonnenten likevel òg som hovudregel ha redusert avløpsgebyret. Avløpsmengda er definert ved at vatn inn = vatn ut for dei aller fleste abonnentane, men spesielt for abonnentar med stipulert forbruk er det vanskeleg å fange opp at avløpsforbruket går ned når vassforsyninga sviktar. Derfor må abonnentane òg få redusert avløpsgebyr etter paragrafen her.

Kommunen har òg erstatningsansvar i ein del situasjonar der avløpsnettlet påfører abonnentane skadar, sjå forurensingsloven § 24 a. Ansvar er delvis avgrensa av reglar i Standard Abonnementsvilkår.

Interesserte lesarar kan lesa meir om temaet, og kva avgrensingar som generelt gjeld for å hevde at vassleveransen er mangelfull i Guttorm Jacobsens «VA-juss» frå 2011, som er tilgjengeleg her: <https://norsk vann.no/tema/jus/tematisk-utdyping/vann-og-avlopsrett/>

Abnonten har rett til reduksjon i gebyr (prisavslag) ved feil eller mangel ved vassforsyninga i medhald av forbrukerkjøpsloven sine reglar om prisavslag. Abonnenten har rett til redusert forbruksgebyr dersom ikkje-varsla avbrot i vassforsyninga varer i meir enn 24 timar.

Vilkår for gebyrreduksjon er at mangelen er skulda forhold på kommunen si side, til dømes forureining i vasskjelde eller feil ved kommunalt anlegg. Kommunen pliktar å bidra til å avklare ansvarsforholdet.

Forbrukartvistutvalet si praksis har lagt til grunn at det gjeld ei minstegrense før manglar ved vassforsyninga kan gi rett på prisavslag. Kommunen har derfor bestemt at følgjande vilkår må vere oppstilt før mangelen er vesentleg nok:

- 1) det må vere avbrot i vassforsyninga i meir enn 24 timar
- 2) avbrotet må ikkje vere varsla på førehand.
- 3) avbrotet må skuldast noko kommunen elles har kontroll over, slik som kvaliteten på drikkevasskjelda eller kommunens eigne anlegg. Viss avbrotet skuldar feil på stikkledninga til abonnenten er det ikkje ein mangel som kan gi grunnlag for prisavslag.

Generell tilråding om kokning som tryggleikstiltak etter trykkfall som følge av reparasjon, spyling, brannsløkking mv., gjev ikkje gebyrreduksjon.

Generelle råd om kokning av drikkevatnet fordi vatnet kan vere forureina etter normale driftsoppgåver på leidningsnettlet blir ikkje rekna som manglar som kan gi grunnlag for prisavslag. Trykkfall i delar av nettet viss det blir brukt veldig mykje vatn andre stader (til dømes ved brannsløkking) vert òg rekna som normale forhold i denne samanhengen. Dette er heilt vanlege og nødvendige konsekvensar av ordinær drift av vassforsyningssystemet, og er dermed noko abonnenten må rekne med at skjer av og til.

Krav om redusert gebyr må verte fremja innan to månader etter at forholdet oppstod, dersom ikkje kommunen har fatta eige vedtak om gebyrreduksjon.

Sats for gebyrreduksjon vert fastsett i gebyrregulativet.

Abonnenten er sjølv ansvarleg for å krevje redusert gebyr innan fristen viss ikkje kommunen fattar eige vedtak om gebyrreduksjon som gjeld fleire abonnentar. Årsgebyret blir redusert med 0,3 % per påbyrja døgn utover det første døgn. 0,3 % svarar til ein 365-del kvar dag mangelen haldt fram.

§ 3-9 Pålegg om utbetring

Kommunen kan krevje dekt alle kostnader direkte knytt til tiltak som følgje av at abonnent har unnlåte å etterkome pålegg om å utbetre lekkasjar på eigedommen si vassleidning eller manglar ved avløpsanlegg eller sanitærutstyr. Ved omlegging eller utbetring av avløpsleidningar kan kommunen krevje at eigar av tilknytt stikkleidning set i verk tilsvarande omlegging eller utbetring.

Dette følgjer av Standard Abonnementsvilkår administrative føresegn punkt 1.5. Abonnenten skal til kvar tid halde private vass- og avløpsanlegg, medrekna private stikkleidningar, i den stand som er beskriven i Standard Abonnementsvilkår tekniske føresegn. I korte trekk inneber det at dei ikkje skal ha lekkasjar som medfører fare for forureining eller liv og helse, og dessutan vere bygd på ein teknisk tilfredsstillande måte når det kjem til høgdeforskjellar mellom hovudleidning og sanitærinstallasjonar i bygningen, tilbakeslagsvern og liknande.

Dersom anlegget ikkje er i samsvar med krava kan kommunen pålegge abonnenten å utbetre anlegget for eiga rekning. Som hovudregel skal abonnenten få ein rimeleg frist til å utføre arbeidet, der abonnenten sjølv er ansvarleg for å skaffe kvalifisert hjelp til å utføre arbeidet (les: bestille røyrleggar). Viss abonnenten lét vere å etterkomme pålegget innan fristen kan kommunen sjølv gjennomføre pålegget og krevje kostnadene sine dekt av abonnenten. Det same gjeld viss kommunen oppdagar feil på private anlegg og arbeidet ikkje kan utsetjast. Merk at «gjennomføre pålegget» ikkje betyr at kommunen sjølv må gjere jobben – kommunen kan òg krevje at abonnenten dekker kostnadene ved arbeidet viss kommunen får private firma til å gjere jobben for seg.

Gebyrpliktig som unnlåt å etterkome pålegg om utbetring av lekkasjar som medfører forureining kan verte kravd tvangsmulkt etter forurensingsloven § 73.

Dette er den vanlege regelen om tvangsmulkt for å sikre gjennomføring av føresegn frå forurensingsloven. Det er staten, og ikkje kommunen, som får inntektene frå tvangsmulkt etter regelen her. Sidan regelen er plassert i forurensingsloven gjeld ho berre anlegg og tilfelle som blir omfatta av den lova. For vass- og avløpsanlegg inneber det at det stort sett berre er lekkasje frå private avløpsleidningar som det kan vere aktuelt for kommunen å bruke denne føresegna på.

§ 3-10 Ansvar for opplysingar om abonnement

Abonnenten skal melde frå til kommunen om endringar i abonnementsforholdet.

Føresegna fastset at det er abonnenten sitt ansvar å sørge for at kommunen har korrekte opplysningar om abonnementsforholdet. Sjå òg definisjon av abonnent i § 1-3 bokstav b på side 1.

§ 3-11 Ansvar for gebyra

Abonnenten har ansvar for betaling av årsgebyret, uansett om gebyrkravet er retta mot abonnenten eller annan rekningsmottakar.

Altså: det er ansvaret til abonnenten at gebyrkravet blir betalt, sjølv viss kommunen har utskrive gebyrfakturaen i namnet til nokon andre, har sendt fakturaen til feil adresse eller liknande. Kravet følgjer av definisjonen av abonnent og den generelle gebyrplikta i n på side 4, sidan det er eigar av gebyrpliktig eigedom som skal betale gebyr.

Den praktiske konsekvensen av denne føresegna er at kommunen kan setje i verk tvangsinndrivning overfor abonnenten viss gebyret ikkje blir betalt, uavhengig av kvifor gebyret ikkje er betalt. Gebyrkravet er sikra med lovpant i eigedommen, sjå panteloven § 6-1. Sjå òg kommentarar til § 4-1 på side 15.

Panteloven er tilgjengeleg hos Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1980-02-08-2>

Abonnentar som samarbeider om felles vass- eller avløpsmål, er solidarisk ansvarlege for gebyra. Gjeld slikt samarbeid eit sameige etter eierseksjonsloven, er kvar abonnent ansvarleg for ein del av gebyret i samsvar med sin eigarpart, dersom ikkje anna fordeling er fastsett i sameiget sine vedtekter eller bindande vedtak i sameiget.

«Solidarisk ansvarlege» betyr at alle som delar på den same målaren er ansvarlege for heile gebyret, og kommunen kan setja fram gebyrkravet mot kven som helst av dei. Viss ein person på den måten endar med å betale vass- og/eller avløpsgebyret for fleire andre må abonnentane sjølv rydde opp seg imellom etterpå.

I sameiger regulert av eierseksjonsloven blir kvar buening rekna som ein eigen eigedom, og abonnentane er berre ansvarlege for gebyr tilsvarande eigardelen sin i sameiget. Normalt vil det vere ein lik del på kvar buening, men sameiget kan fastsetja anna fordeling, og i så fall skal fordelinga til sameiget leggest til grunn.

Det er etter avtale med kommunen høve til fellesfakturering av eigedomar med fleire bu- eller brukseiningar, til dømes seksjonerte leilegheiter.

Dette er hovudsakleg meint å gjelde leilegheitsbygg, der det kan vere praktisk at sameiget får rekninga for alle bueingane og fordeler gebyret på abonnentane over felleskostnadene i staden for at kvar abonnent får eiga rekning. I burettslag er burettslaget abonnenten, så der vil normalt burettslaget få samlefaktura for alle bueingane utan at ein må inngå eigen avtale om det. Sjå òg definisjonen av abonnent i § 1-3 bokstav b på side 1.

§ 3-12 Retting av feil i gebyrberekning

Har mangelfulle eller feil opplysingar ført til feilaktig utrekning av gebyr, skal utrekninga rettast og differansen verte gjort opp med verknad frå 1. betalingstermin etter at mangelen eller feilen oppstod. Krav som er forelda etter reglane om forelding av fordringar, vert normalt ikkje dekt.

Ved å peika på «utrekning av gebyr» viser forskriftsteksten at føresegna her regulerer kva som skjer viss kommunen har hatt feil opplysingar om tekniske aspekt ved eigedommen eller vassforbruket, og har rekna vassforbruket for høgt eller for lågt som følgje av det, eller har plassert eigedommen i feil kategori for abonnementsgebyr.

Den alminnelege fristen for forelding er tre år, men foreldelsesloven opnar for at nokre krav kan ha forlengte fristar, hovudsakleg der den som har kravet ikkje visste eller burde visst om at kravet eksisterte. Det vil som hovudregel vere lite aktuelt for krav etter denne føresegna, fordi kommunen føreset at abonnenten kontrollerer fakturaene frå kommunen og kjenner utrekningssgrunnlaget for sin eigen eigedom. Kommunen på si side har fleire moglegheiter til å skaffe informasjon om eigedommen eller basere utrekningane på gjennomsnittsbetraktningar (sjå mellom anna § 1-7 på side 5), så det er generelt føresett at kommunen òg kan oppdaga feil i utrekningane innan rimeleg tid.

Samtidig er det ei kjent sak at i mange kommunar har eigedommar vore kopla til leidningsnettut utan at kommunen har fått melding om det. Kommunen veit normalt ikkje om slike ulovlege tilknytingar og har inga moglegheit til å gjere seg kjent med dei heller. Då kan foreldingsfristen forlengast i opptil 13 år, i tråd med foreldelsesloven § 10. Kommunen vil som hovudregel krevje tilknytings- og årsgebyr tilbake til tidspunktet for tilknytning (avgrensa oppover til 13 år) når kommunen blir kjent med slike tilkoplingar.

Kapittel 4. Innbetaling av årsgebyr

§ 4-1 Innbetaling

Forfalle krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedommen etter panteloven § 6-1. Gebyra kan verte kravd inn av kommunen etter reglar for innkrevjing av skatt.

Dette tyder at når forfallsdato på fakturaen med årsgebyret er passert, har kommunen automatisk etablert panterett føre alle andre krav i den eigedommen kravet gjeld. Det same gjeld feie- og renovasjonsgebyret. Viss kravet ikkje blir betalt ved forfall kan kommunen krevje eigedommen tvangsseld til dekning for gebyrkravet, i tråd med reglane i tvangsfullbyringsloven kapittel 11.

Relevante lover hos Lovdata:

Panteloven: <https://lovdata.no/lov/1980-02-08-2/>

Tvangsfullbyringsloven: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-06-26-86>

Abonnementsgebyr og forbruksgebyr vert innkravd på felles faktura.

Heile årsgebyret blir fakturert på den same fakturaen, men kan spesifiserast på forskjellige fakturalinjer.

For abonnentar med vassmålar vil forbruksgebyret fakturerast med ei antatt mengde (å konto) basert på det registrerte forbruket for førre år. Deretter blir det gjort avrekning basert på vassmålaravlesinga på første faktura året etter.

Sjå elles reglar om fastsetjing av abonnements- og forbruksgebyr i Kapittel 3.

Når ein abonnent får installert vassmålar gjeld reglane for stipulert forbruk fram til dato for installasjon av målararen føresett at denne er godkjend av kommunen etter reglane i § 5-2.

Vassmålar skal installerast av personell som på førehand er godkjent av kommunen, sjå § 5-2 på side 16. Abonnentar som får installert vassmålar betaler gebyr for målt forbruk frå datoen målararen vert installert.

Faktura vert sendt til abonnent.

Eigedomar med felles vassmålar og som har avtalt med kommunen at dei skal fakturerast felles, vert fakturert via ein eigar/festar av eigedommen eller særskild avtalt rekningssmottakar.

Som hovudregel sender kommunen gebyr-fakturaen til abonnenten, sjå definisjon av abonnent i § 1-3 bokstav b på side 1. Samtidig er det opna for at abonnenten kan avtale med kommunen at nokon andre skal få fakturaen. Det kan til dømes vere aktuelt viss heile eigedommen er leigd ut for ein periode på nokre år og det er formålstenleg at leigetakaren får fakturaen tilsendt direkte.

Abbonentar kan òg dele vassmålar i tråd med reglane i § 3-11 på side 14 og § 5-2 på side 16. Då er abonnentane solidarisk ansvarlege for gebyret, noko som betyr at kommunen kan krevje heile gebyret frå ein av dei og så er det opp til den abonnenten å krevje resten av abonnentane for delen deira. Det blir regulert her, der føreseigna seier at kommunen kjem til å sende rekning til ein av dei, eventuelt til ein særskilt avtalt rekningsmottakar.

Årsgebyra vert kravd inn over eit tal terminar som vert fastsett i gebyrregulativet.

For tida er gebyret fordelt på 6 terminar.

§ 4-2 Manglande innbetaling

Dersom årsgebyret ikkje er betalt innan ein månad etter at den gebyrpliktige har motteke andre gongs varsling om innbetaling, kan kommunen stengje den kommunale vassforsyninga til eigedommen så framt kommunelegen ikkje motset seg avstenginga.

Kommunen kan krevje betaling frå abonnent for å dekkja kostnadene i samband med stenging og påsetjing av vassforsyninga. Satsen for betaling kjem fram av gebyrregulativet.

I staden for å krevje tvangssal som beskrive i kommentaren til § 4-1 første ledd kan kommunen stenge vassforsyninga etter reglane i paragrafen her. Føresetnaden er at kommunelegen ikkje motset seg stenginga. Føreseigna er derfor i første omgang relevant for eigedommar utan fast busetjing (næringseigedommar og fritidseigedommar), sidan eigedommar må ha tilfredsstillande tilgang på reint drikkevatt for å kunne brukast som bustad.

Stenging av vatnet etter denne føreseigna stengjer ikkje for krav om tvangssal av eigedommen for å dekke gebyrkravet, men gir kommunen eit mindre inngripande verkemiddel som kan brukast der ein trur det vil gi betre effekt.

Dei ekstra kostnadane kommunen har med å reise ut og stenge vassforsyninga kan bli kravd dekkja, på lik linje om abonnenten sjølv ynskja vassforsyninga stengd. Dei satsane for slikt arbeid kjem fram av gebyrregulativet.

Kapittel 5. Føresegner for installasjon og bruk av vassmålar

Kapittelet inneheld reglar om installasjon av vassmålar, eigartilhøve og kostnader ved å ha vassmålar, og dessutan reglar rundt bruk og vedlikehald av målar.

Både kommunen og abonnenten kan krevje at forbruket på ein eigedom blir fastsett ved hjelp av målar, sjå § 3-4 på side 9.

§ 5-1 Målartypar

Føresegnene for vassmålalar gjeld tilsvarende for eventuelle avløpsmålalar. Føresegnene gjeld for vass- og avløpsmålalar med fjernavlesing så langt dei passar.

At føresegnene «gjeld tilsvarende» for avløpsmålalar tyder at reglane i dette kapittelet gjeld fullt ut for avløpsmålalar, sjølv om teksten i kvar paragraf berre refererer til vassmålalar.

At reglane gjeld for fjernavlesne vassmålalar «så langt dei passar» tyder at reglane i dette kapittelet i utgangspunktet gjeld fullt ut òg for fjernavlesne målalar, men at enkelte føresegn eller delar av føresegn kan falle bort fordi dei ikkje er aktuelle. Det er til dømes tilfellet for reglane om avlesing av vassmålar i § 5-4 (side 17) – sidan kommunen automatisk les av fjernavlesne målalar utan hjelp av abonnenten er den føreseigna ikkje relevant for den typen målalar. Det er ikkje nødvendig å opplyse i den enkelte paragrafen om den gjeld for fjernavlesne målalar eller ikkje, men det kan vere gjort enkelte stader.

§ 5-2 Installasjon

Kommunen avgjer kor mange vassmålalar den einskilde eigedom skal ha, og dessutan type, storleik og plassering på vassmålaren.

Dette gjeld òg viss det er abonnenten som krev forbruket fastsett med vassmålar. Kommunen vil vanlegvis krevje at det vert installert ein vassmålar på hovud-vassinntaket til eigedommen.

For nokre eigedommar kan det vere formålstenleg med fleire vassmålalar, til dømes landbrukseigedommar med fleire bustadhus og driftsbygningar. Desse eigedommane kan òg ha anna avløpsmengde enn vassmengda dei får levert, og dessutan sleppe på avløpsvatn av annan kvalitet enn vanlege hushald, sånn at reglane om reduksjon i, eller tillegg til, årsgebyret i § 3-7 femte og sjette ledd (side 11) kan vere aktuelle.

Kommunen skal godkjenne den som skal stå for installasjon og vedlikehald, og dessutan eventuell flytting, utskifting eller fjerning av målar.

Kommunen må kunna stole på at målarer gir eit riktig bilde av forbruket på eigedommen. Kommunen er òg avhengig av å få melding om arbeidet som er gjort så abonnentregisteret kan bli oppdatert. Derfor krev kommunen at alle som skal arbeide på vassmålalar er godkjente på førehand, så kommunen kan vere sikker på at dei er kjent med rutineane som gjeld for installasjon av vassmålalar og kva meldingar kommunen skal ha etterpå.

Arbeid på vassmålalar er uansett røyrleggjararbeid som må utførast av kvalifiserte fagfolk.

Abonnentar som har behov for arbeid på vassmålaren sin kan ta kontakt med kommunen for informasjon om kven som kan utføra arbeidet. Røyrleggarar som ønsker godkjenning kan ta kontakt med kommunen for å få informasjon om forventningane og krava kommunen har til arbeid med vassmålalar, og dessutan rutineane til kommunen for innrapportering av informasjon om målarer.

Dersom eksisterande eigedom med vassmålalar vert oppdelt i nye eigedomar, skal kvar av de nye eigedomane ha eigen vassmålalar.

Sjå definisjonen av eigedom i § 1-3 bokstav a på side 1. Denne føresegna er til dømes aktuell viss ei tomt blir skild frå ei eksisterande tomt eller viss ei tomt med fleire bustadhus blir seksjonert.

Abonnentar kan samarbeide om felles vassmålalar der det vil vere særleg kostbart å installere eigen målar for kvar eining. Årsgebyr vert fordelt på abonnentane etter reglane i § 3-11 andre ledd.

Dette er til dømes aktuelt viss eit bustadsameige skal installere vassmålalar i eit leilegheitsbygg. § 3-11 andre ledd seier at abonnentane som delar vassmålalar vanlegvis vil vere solidarisk ansvarlege for gebyrkravet. Det betyr at kommunen kan krevje heile beløpet frå kven som helst av dei, og så er det opp til den som betalte gebyret for alle å krevje pengar tilbake frå dei ho delar vassmålalar med. Sjå òg kommentarane til § 3-11 på side 14.

Pålagt vassmålalar for ny eigedom skal vere installert seinast når det vert gjeve mellombels bruksløyve eller eigedommen vert teke i bruk, og for eksisterande eigedom når den vert tilknytt. Dersom dette vert unnlate, skal abonnenten betale stipulert årsgebyr etter § 3-6.

§ 3-5 på side 10 inneheld reglar om kva eigedommar som er pålagt å ha vassmålalar.

Mellombels bruksløyve må normalt givast av byggesaksavdelinga i kommunen før eigedommen kan takast i bruk, og vil ikkje bli gitt før pålagde vassmålalar er installerte i tråd med reglane til kommunen.

For eksisterande eigedommar skal målar vere installert seinast når eigedommen blir kopla fysisk til hovudleidningsnett til kommunen.

For installasjon og bruk av vassmålalar gjeld elles forskrift om krav til vassmålalar og kommunens tekniske føresegner.

Kommunen kan gi egne tekniske reglar om installasjon og vassmålalar. Opplysningar om dette kan fåast ved førespurnad til kommunen.

For tida er det tekniske føresegn i Standard Abonnementsvilkår som gjeld, kommunens VA-norm (<https://www.hareid.kommune.no/tenester/veg-vatn-og-avlop/vatn-og-avlop/va-norm/>), forskrift om krav til vassmålalar og det som står i denne forskrifta.

§ 5-3 Eigeforhold og kostnader

Ved installasjon av ny vassmålalar tilknytt det kommunale vassverket skal kommunen stå som eigar av denne.

For anskaffing, vedlikehald, og utskifting av vassmålaren vert det betalt ei årleg leige. Pris for leige av vassmålalar kjem fram av gebyrregulativet.

Dersom ein vassmålalar vert borte eller skadd, skal abonnenten omgåande melde dette til kommunen. Kommunen tek atterhald om retten til å krevje full erstatning for tap eller skade.

Utskifting eller demontering av vassmålalar som skuldast forhold ved abonnenten, dekkast av abonnenten sjølv.

Nokre abonnentar har installert vassmålalar etter gammalt regelverk og eig han sjølv. Denne nye forskrifta seier at kommunen skal eiga alle nye vassmålalar som vert installerte, noko som tydar at eigarskapet for eksisterande målarar vert overført til kommunen når dei blir skifta ut neste gong. Kommunen ønsker å eiga vassmålalarane mellom anna for å kunna inkludere vassmålardekning og -utskifting som ein del av den heilskaplege VA-planlegginga i kommunen.

På noverande tidspunkt har kommunen ingen ambisjon om å pålegge alle abonnentar å ha vassmålalar, men både kommunen og kvar abonnent kan krevje at forbruket blir fastsett med målar (sjå § 3-4 på side 9). For ein del abonnentar krev forureiningsforskrifta som utgangspunkt at forbruket skal målast, og for desse har kommunen fastsett krav om målar i § 3-5 på side 10. Reglane i kapitlet her gjeld uavhengig av om det er abonnenten eller kommunen som har kravd installasjon av vassmålalar.

Sidan kommunen ikkje pålegg alle abonnentar å ha vassmålare er det òg bestemt at kostnaden ved å installere vassmålare skal betalast av abonnenten sjølv. Dette er vanleg praksis frå andre kommunar med tilsvarande vassmålardekning. Det same gjeld om abonnenten skiftar eller demontera vassmålare, abonnenten skal betale slike kostnader sjølv.

Vidare skal det betalast vassmålareleige til dekning av ekstrakostnader kommunen har knytt til kvar vassmålare. Vassmålareleiga vil normalt setjast til omtrent 1/10 av kostnaden ved å skifta ut ein vassmålare, slik at abonnenten dekker kostnaden ved å skaffe og installere ny vassmålare over levetida til vassmålaren. Vassmålareleiga er oppgitt i gebyrregulativet. Det er berre abonnentar med kommunalt eid vassmålare som betaler vassmålareleige.

Sidan vassmålaren er eigedommen til kommunen blir abonnenten pålagt òg å melde frå til kommunen viss noko skjer med han, og dessutan at abonnenten kan bli erstatningsansvarleg for tap eller skade viss abonnenten kan klandrast for («er skuld i») det som har skjedd med vassmålaren. Sjå òg § 5-5 på side 18.

§ 5-4 Avlesing av vassmålare

Abbonenten skal lese av vassmålaren så nær fastsett tidspunkt for avrekning som mogleg og sende resultatet til kommunen innan fastsett frist. Tidspunkt for avlesing vert fastsett i gebyrregulativet.

Det er abonnenten sitt ansvar å lese av vassmålaren og sørge for at resultatet blir sendt til kommunen. Sjå definisjon av abonnent i § 1-3 bokstav b på side 1.

Unnlèt abonnenten å lese av vassmålaren kan kommunen etter puring fastsetje årsgebyret etter skjøn.

Dersom abonnenten unnlèt å foreta avlesing kan kommunen sjølv setje i verk avlesing utan ytterlegare varsel til abonnenten og krevje særskild betaling for å dekkje kommunens kostnader med dette. Satsen for betaling kjem fram av gebyrregulativet.

Viss abonnenten ikkje har meldt inn resultatet av målaravlesinga til kommunen innan fristen kan kommunen

- 1) Stipulere årsgebyret, basert på tidlegare års avlesingar, forbruket for tilsvarande eigedommar og/eller andre relevante moment, eller
- 2) Reise til eigedommen og lese av målararen sjølv utan ytterlegare varsling til abonnenten.

Viss kommunen må lese av vassmålaren kjem kommunen til å krevje at abonnenten dekker kostnadene kommunen har med arbeidet, etter standardiserte satsar som kjem fram av gebyrregulativet. Satsane blir fastsette per oppmøte, slik at viss kommunen ikkje får tilgang til vassmålaren kan abonnenten bli pålagt nytt oppmøtegebyr for kvar gang kommunen forsøker å lese av målararen.

§ 5-4, første og andre ledd gjeld ikkje abonnentar med fjernavlesing av vassmålare.

Reglane i § 5-4 (denne paragrafen) er i praksis ikkje relevante for fjernavlesne vassmålare. Sidan kommunen lesar dei av automatisk treng ikkje abonnenten å gjere noko for å melde inn resultatet. Abonnenten kan heller ikkje påleggast oppmøtegebyr viss kommunen vel å nytte fjernavlesne vassmålare med såkalla «drive-by-løysing», der avlesinga skjer med bilmontert utstyr som samlar data frå vassmålare i nærleiken.

§ 5-5 Tilsyn og vedlikehald

Abbonenten skal halde vassmålaren lett tilgjengeleg for avlesing, tilsyn og vedlikehald.

Dette inneber at det ikkje skal stablast ting føre målararen eller liknande som gjer den vanskeleg tilgjengeleg. Føresegna må sjåast i samheng med andre og tredje ledd om at abonnenten skal føre tilsyn med målararen og at kommunen kan krevje tilgang til målararen for å føre tilsyn med han.

Det er abonnenten som har ansvaret for at pliktene etter føresegna her blir følgd, sjå definisjon av abonnent i § 1-3 bokstav b på side 1.

Abbonenten skal føre tilsyn med vassmålaren. Abonnenten er også ansvarleg for å følgje med på forbruksutviklinga, slik at lekkasjar eller feil vert oppdaga snarast mogleg. Vert ein vassmålare skadd eller går tapt, skal abonnenten straks melde frå til kommunen. Broten plombering av vassmålaren vert også rekna som skade.

Det er i all hovudsak i eigeninteresse til abonnenten å følgja med på forbruksutviklinga, sidan ho må betala for det vatnet som går til lekkasje òg. Til dømes kan eit toalett som renn medføre auka forbruk på fleire hundre kubikkmeter i året, og tilhøyrande vesentleg auka vass- og avløpsgebyr.

Kommunen kan krevje erstatning for skadar abonnenten påfører kommunens anlegg, medrekna vassmålaren, i høve dei vanlege reglane om skadeserstatning.

Om abonnenten påfører skadar på kommunens anlegg kan kommunen krevje erstatning, det gjeld uavhengig av kvad skade som er påført. Om kommunen sjølv skadar anlegget vil sjølvsgatt abonnenten ikkje måtte dekkje kostnadane.

Kommunen skal føre tilsyn med vassmålaren i følgje sitt eige internkontrollsystem. Kontrollør frå kommunen skal legitimere seg utan oppmoding.

Kommunen vil òg varsle tilsyn på førehand, slik at abonnenten får tid til å vere til stades når tilsynet skal gjennomførast.

§ 5-6 Avrekning ved feilmåling

Dersom vassmålarer ved kontroll viser større målarfeil enn grenseverdiane som er tillate etter forskrift om krav til vassmålarer, har abonnenten krav på tilbakebetaling av for mykje betalt årsgebyr som følgje av feilmålinga. Er plomberinga broten, har abonnenten ikkje krav på tilbakebetaling.

For at kommunen til ein kvar tid skal vere oppdatert med dei nyaste endringane for grenseverdiar, visar forskrifta til [forskrift om krav til vassmålarer](#). Forskrifta fastset ei grense for når avviket er så stort at abonnenten kan krevje tilbakebetaling. Føresetnad er at plomberinga av målarer er i orden.

Tilbakebetalinga vert rekna frå det tidspunkt ein legg til grunn at feilen må ha oppstått.

Dette må avgjerast i kvart enkelt tilfelle, og vil til dømes vere tidspunkt abonnenten melder frå om skade på vassmålarer etter § 5-5 over. Tidspunktet kan i særlege tilfelle setjast til tidspunktet for installasjonen, viss det er sannsynleg at misvisinga skuldast ein produksjonsfeil ved målarer.

Krav som er forelda etter foreldelsesloven, vert ikkje dekt.

Hovudregelen er at krav blir forelda etter tre år, jamfør foreldelsesloven § 2. Lova har òg nokre tilleggsfristar som hovudsakleg er aktuelle viss ein ikkje burde kjent til kravet. Abonnenten er pålagt å følgje med på målarer og melde frå ved mistanke om feil i § 5-5 andre ledd (sjå førre paragraf) og kommunen ser derfor på krav om tilbakebetaling som følgje av feilmåling som kjent for abonnenten og føreset at dei blir melde til kommunen innanfor den alminnelege foreldelsesfristen.

Kommunen har krav på tilleggsbetaling etter tilsvarende reglar om målarfeilen har gjort at abonnenten har betalt for lave gebyr.

Hensikta med vassmålarer er nettopp at abonnenten skal betale for det faktiske forbruket sitt, så reglane om tilbakebetaling må gjelde symmetrisk viss målarer viser for lite forbruk òg. Sidan kommunen har rett til å krevje kontroll etter § 5-7 og kan skifte ut målarer etter § 5-8 er det føreset at kommunen blir kjent med eventuelle avvik innan rimeleg tid. Dermed vil det ikkje under nokon omstende vere aktuelt for kommunen å krevje tilleggsbetaling som følgje av feilmåling utanfor den alminnelege foreldelsesfristen.

§ 5-7 Nøyaktigheitskontroll

Kommunen skal ha sitt eige internkontrollsystem for å sikre korrekte målarverdiar og skal gjere kontroll av vassmålarerane i høve dette. Abonnentane kan krevje kontroll av sin målar ved mistanke om feil.

Dersom kontrollresultatet ligg utanfor feilmarginen etter forskrift om krav til vassmålarer, vert det utført ei justering, eventuelt utskifting av vassmålarer, utan utgifter for abonnenten. Dersom abonnenten har kravd nøyaktigheitskontroll og det ikkje vert påvist feil utanfor feilmargin, vert kostnadane betalt av abonnenten.

Forskrift om krav til vassmålarer sei at kommunen skal ha eit internkontrollsystem for å følgje opp vassmålarerane i kommunen. Korleis den kontrollen blir utført blir ikkje regulert av denne forskrifta, da det er ei intern rutine i kommunen.

Føresegna regulerer betaling for presisjonskontroll. Både kommunen og abonnenten kan krevje kontroll, og viss kontrollen viser at vassmålarer måler meir feil enn kva som er grenseverdiane skal det rettast, sjå [forskrift om krav til vassmålarer](#) for grenseverdiar. Retting skjer enten ved justering av målarer eller ved at vassmålarer blir skifta heilt ut. Det er kommunen som bestemmer om vassmålarer skal justerast eller skiftast, sjå òg § 5-8 nedanfor.

Abbonenten skal ikkje betale for å få utbeta målefeil, uavhengig av kven som har kravd kontrollen. Viss kontrollen derimot viser at vassmålarer ikkje hadde feil likevel, skal kostnaden ved kontrollen bli dekt av den som kravde kontrollen.

§ 5-8 Utskifting og flytting

Er målenøyaktigheita for dårleg, bestemmer kommunen om vassmålarer skal verte justert eller utskifta. Når vanleg levetid for ein vassmålarer er nådd, kan kommunen bestemme at vassmålarer heilt eller delvis skal skiftast ut.

Sjå òg § 5-7 over om nøyaktigheitskontroll. Basert på resultatet av kontrollen bestemmer kommunen kva som skal gjerast for å bringe målenøyaktigheita tilbake til akseptable nivå. Kommunen kan òg skifte ut vassmålarer når dei har nådd den vanlege tekniske levetida si, normalt 10-15 år etter dei vert installerte.

Nye målarer som blir installerte, også ved utskifting av eksisterande vassmålarer, er eigde av kommunen i tråd med § 5-3 på side 17. Føresegna her gjeld òg vassmålarer som er eigd av abonnenten: Kommunen kan bestemme at dei skal skiftast ut og vil då bli eigar av den nye vassmålarer som vert installert.

Kommunen kan krevje flytting av vassmålarer som er plassert i strid med kommunen sine krav til plassering. Abonnenten kostar på slik flytting.

Føresegna blir antatt å vere mest aktuell for eldre, abonnenteide målarar som vart installerte før kommunen etablerte egne retningslinjer for installasjon av målarar. Nye målarar skal installerast av personell kommunen har godkjent på førehand, i tråd med § 5-2 på side 16, og kommunen antar dei vert installert i tråd med krava kommunen har til plassering.

Kommunen dekkjer utskifting ved normalt bytte av vassmålar. Denne kostnaden dekkast gjennom vassmålarleiga.

Om det ikkje er noko gale med vassmålaren, vil den bere bli skifta ved normal levetid. Dette skal vere dekt av vassmålarleiga.

Kapittel 6. Avsluttande føresegner

§ 6-1 Klage og omgjering

Reglane for å klage på ting kommunen bestemmer finst hovudsakleg i forvaltningsloven, som er tilgjengeleg hos Lovdata på <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10>

Etter forvaltningsloven § 28 er det berre enkeltvedtak ein kan klaga på. Forskriftsfesta reglar gjeld mange, uspesifiserte personar og må påverkast gjennom vanlege demokratiske prosessar, mellom anna ved å sende høyringssvar til kommunen når nye forskrifter blir lagd ut på høyring. Ved enkeltvedtak, som gjeld éin eller nokre få nærare fastsette personar, kan personane vedtaket gjeld og andre som har såkalla «rettsleg klageinteresse i saka», klage over vedtaket som kommunen har fatta. Normalt vil det vere abonnenten som har rettsleg klageinteresse i enkeltvedtak som gjeld vass- og avløpsgebyr.

Dei stadene det står ting som «kommunen kan bestemme at» eller «i tvilstilfelle avgjer kommunen» i denne forskrifta er avgjerda til kommunen ofte eit enkeltvedtak. Døme på sånne avgjerder er § 1-7 andre ledd, som seier at viss matrikelopplysningane om ein eigedom er mangelfulle kan kommunen bestemma at gjennomsnittsarealet for bygningstypen skal leggast til grunn for utrekning av vassforbruket, eller § 3-7 andre til fjerde ledd som handlar om forskjellige grunnlag for å søke kommunen om redusert gebyr.

Det er ikkje høve til å klage på gebyr som er fastsett i samsvar med denne forskrifta, jamfør føresegnene til forvaltningsloven.

Einskilde vedtak gjort i medhald av denne forskrifta, kan klagast til særskild klagenemnd, jamfør forvaltningsloven § 28 andre ledd.

Gebyr må betalast innan forfallsdato sjølv om gebyrvedtaket er klaga inn.

Gebyret må betalast sjølv om abonnenten har klaga på vedtaket og ventar på svar. Viss abonnenten får redusert gebyr som følgje av klaga vil kommunen betale tilbake differansen.

§ 6-2 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 01.01.2027

Frå same tid vert tidlegare forskrift om vass- og avløpsgebyr i Hareid kommune oppheva.